

ØKONOMIPLAN 2023 - 2026 MED BUDSJETT 2023



Frå Lysfestivalen 2023

Vedteken i sak ?/22 i kommunestyret den ?.desember 2022

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

INNHALD:

Innleiing	3
Hovudprioriteringar	4
Det kommunale inntektssystemet	5
Statsbudsjettet - Endringar i dei økonomiske rammevilkåra	8
Solund sine frie inntekter	10
Andre overordna statstilskot	14
Eigedomsskatt	14
Integreringstilskot flyktningar	15
Inntekter frå statleg Havbruksfond.	15
Sum frie disponible midlar	17
Lånegjeld, avdrag, finansutgifter- og inntekter	17
Finansielle måltal	22
Avsetnader / bruk av avsetnader	23
Overføring til investering	24
Til fordeling drift	25
Sektor Stab	26
Ansvar 100, 130, 180	Politikk, adm., fellesutgifter, samferdsle, bustader, andre særskilde utg/innt
Ansvar 120, 150, 190	Fjordane friluftsråd, Flyktningar, Solund Sokneråd
Sektor Oppvekst og kultur	28
Ansvar 200, 210	Oppvekst
Ansvar 220	Skulefagleg leing og fellesutgifter
Ansvar 230, 240, 250	Kultur
Ansvar 260	Ungdomsråd og ungdomssatsing
Ansvar 280	Barnevern
Sektor Helse og omsorg	29
Ansvar 310 – 373	Helse- pleie og omsorg
Ansvar 375	Kommunal reinhaldsavdeling
Sektor Samfunns- og næringsutvikling	31
Ansvar 400	
Ansvar 420, 430	Frivillegsentral og Gjenbruk
Ansvar 440, 450	Folkehelse- og flyktningkoordinator
Ansvar 480	NAV Solund
Sektor plan og tekniske tenester	33
Ansvar 600, 610, 620, 630	
Sektor Kommunedirektør	34
Ansvar 799	Pensjon og premieavvik
Ansvar 800 – 804	Tilleggsøyvingar
Ansvar 805	Korona-pandemien
Sum alle ansvarsområde - Fordelt i drift	38
Investeringar	38
Kommentarar til investeringsplanen	38
Finansiering av investeringar	41
Avslutning	42
Vedlegg: Samla investeringsplan – sektorvis fordelt	43

Innleiing

Framlegg til nasjonal- og statsbudsjett vart presentert primo oktober d.å. Sjeldan har det kome større endringar i det økonomiske opplegget for nasjonen og kommunesektoren for eit komande år, enn slik det plar verta signalisert i Kommuneproposisjonen 4 månader før. Og sjeldan vil så mange vesentlege overordna økonomiske føresetnader framleis stå uavklara, når budsjettsaka vert sendt ut til endeleg politisk handsaming i desember.

I tertialrapport nr. 2 vart det trukke fram nokre viktige avklaringar som kommunen ventar på, for å kunna vurdere driftsårets resultat og for å kunna vedta eit føreseieleg budsjett for komande år:

- Folketal- og befolkningsmansetnad
- Det statlege havbruksfondet
- Korona-kompensasjonen for år 2022
- Prosjekt Ny skule m/bibliotek
- Rentenivå- og rentebana frametter
- Busetjinga av flyktningar
- Nytt inntektssystem

Nokre avklaringar er komne, nokre svar er vi kome nærare på og nokre står framleis uavklart. Men det er også kome ein ny vesentleg uføreseieleg faktor til:

- Skatteopplegget; - som særleg for havbrukskommunane heng saman med inntekter frå det statlege havbruksfondet

Regjeringa har lagt fram eit statsbudsjett som er sterkt farga av dei vil få bukt med den høge inflasjonen og hindre ein eskalering av rentenivået. Budsjettet tek også omsyn til det uføreseielege med krigen i Ukraina og den internasjonale energikrisa.

Nokre tiltak, som ekstra skattlegging på straumstøtte, er meint å vera kortsiktige. Andre tiltak, som ny fordeling av inntekter og skattlegging av våre felles naturressursar, er meint å vera langsiktige.

Solund kommune får ein svært låg fri inntektsvekst gjennom dette framlegget til statsbudsjett. Dette skuldast nokre vesentlege endringar i kommunen sine kriteriedata, som er knytt til folketal og befolkningsmansetnad frå år 2021 til år 2022.

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det lista opp mange utfordringar som kommunen står føre; - heilt frå det globale til det lokale perspektivet. Der er det lista opp mange målformuleringar som kommunedirektøren gradvis har innretta drifta etter. Store satsingar og investeringar skjer i vår kommune i desse dagar. Dette vil påverka både samfunns- og næringsutviklinga i åra som kjem. Midt oppi alt som skjer, skal kommunedirektøren levere eit godt og føreseieleg tenestetilbod til innbyggjarane og legge til rette for gode vekstvilkår for næringslivet. For å lukkast er det viktigare enn nokon gong at vi står saman og at «Vi skapar framtida i lag».

Det vert vist til gjeldande økonomiplan for år 2021-2024 og oppstarten av økonomiplanarbeidet på forsommaren. Rulleringa av økonomiplanen vart utsett til denne budsjettprosessen.

Det vert også vist til sak om Tertialrapport nr. 2 år 2021. Alle budsjettendringar som vart vedteke der, er tilbakeført til opphavleg nivå, før dette budsjettarbeidet tek til.

Til sist vert det vist til Statsforvaltaren i Vestland sitt orienteringsskriv om framlegg til statsbudsjett for år 2022.

Hovudprioriteringar 2023-27

Solund kommune sin samfunnsdel 2020-30 «[Vi skaper framtida i lag](#)» tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Solundsamfunnet og kommunen som organisasjon. Den inneheld vurderingar og strategier for utviklinga i kommunen, og er grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Økonomiplanen 2023-27 er kommuneplanen sin handlingsdel.

Frå hausten 2023 er det ny valperiode, og kommunestyret vil då vurdere om satsingsområde, overordna mål og strategiar skal endrast.

Satsingsområde: Ny bru, ny skule og aktivt sentrum

Kommunestyret har peikt ut tydelege satsingsområde for valperioden i samfunnsdelen. Slik foreslår kommunedirektør å følgje opp desse:

1. Samferdsel - ny bru Ytre Steinsund

Ferjesambandet Daløy – Haldorsneset skal erstattast med fast samband, som no er planlagt ferdig i 2026. Det knyter Solund tettare saman. I arealdelen er det foreslått større næringsområde nær Ytre Steinsund for å sikra ringverknader både i byggjeperioden og etterpå.

2. Oppvekst - ny skule og nytt bibliotek på Hardbakke

Kommunen prioriterer bygging av ny skule svært høgt, og budsjettet og økonomiplanen er prega av det. Det nye skulebygget får moderne og funksjonelle undervisningslokale, og rommar nytt bibliotek. I 2022 har kommunen kvalitetssikra tilbodsdocumenta, og vore i dialog med tilbydar. Kommune direktør arbeider for å redusere usikkerheiter i prosjektet, og få ned kostnadene slik at ein får eit prosjekt administrasjonen vil tilrå å gå vidare med

3. Sentrumsutvikling - Områderegulering av sentrum på Hardbakke

Regulering av området på Hardbakke hamn skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet har vore i gang sidan 2016, og samfunnsdel 2020-30 presiserer at arbeidet mellom anna skal sikre framtidig hamn for ekspressbåt, reiselivsnæring, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg, samt bustadfortetting. Kommunen prioriterer plassering av ekspressbåthamna med tilhøyrande dialog med fylkeskommunen og kystverket, og vil deretter leggje til rette for god ein god planprosess for tettstadsutvikling.

Overordna mål

Solund kommune sine overordna mål og satsingsområde er slått fast i kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030. For perioden 2023-27 prioriterer kommunedirektør slik:

Å vera eigen kommune med fokus på eit fullverdig tenestetilbod

Det har gjennom dei siste åra i kommuneproposisjonar og statsbudsjett vorte presisert at om einskildkommunar skal kunne overleve, så må dei sikre fullverdige tenester til alle sine innbyggjarar. Solund kommune har her tatt store grep dei siste åra, m.a. ved å ha gjennomført ein omfattande omstillingsprosess. Ein offensiv samfunnsdel og ny organisasjonsstruktur er forma og vedteken. Dette er planar og struktur som skal sikra både fullverdige tenester og god samfunns- og næringsutvikling.

Gjere Solund synleg

Kommunestyret vil gjere Solund synleg. Målet er å vise fram det kreative og skapande samfunnet Solund og det kontinuerlige utviklingsarbeidet som skjer. Kommunedirektør arbeider no med ein langsiktig handlingsplan, som kan brukast i rekrutteringsarbeid, i turisme og andre arenaer Solund er aktive på.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

God oppvekst

Solund Kommune ynskjer at den oppveksande slekt skal «kjenne seg igjen» i kommunens hovedprioriteringar. Solund Kommune må være ein aktiv barnehage- og skuleeigar som nyttar kunnskap om kvalitet til ny utvikling. Og som gir born og unge til ein aktiv del av lokalsamfunnet. Der ein styrkar verdiar som frivilligheit, deltaking i nærmiljøet og god kontakt med næringslivet.

Varierte bustader og gode bukvalitetar

Kommunestyret vil leggje til rette for attraktive bustadmiljø ved å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt. Budsjettforslaget legg til rette for bustadutvikling i både kommunal og privat regi. Det er sett av 2,5 mill. i 2024 og annankvart år til bustadutvikling, og 1,2 millionar til reguleringsplanar. Når konkrete bustadprosjekt er sett i gang vil kommunedirektør prioritere å utarbeide ein bustadpolitisk handlingsplan.

Auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar

Kommunestyret vil utvikle og nytte dei naturgjevne ressursane ein har i Solund. Ulike satsingsområde på sjøen og i kystlandskapet kan vere med på å gje arbeidsplassar til fleire. Kommuneplanen sin arealdel 2020-30 sikrar tilgang på areal til næringsføremål. Kommunedirektør vektlegg samarbeid mellom oppvekstsektoren og næringsliv, god infrastruktur og omdømmebygging. Rekruttering til ledige stillingar må styrkast og i perioden skal det vurderast å regulera nye næringsareal.

Livsmeistring og kvalitet i tenestene

Tenesteproduksjon skal halde eit høgt fagleg nivå, møte framtidige utfordringar og stimulerer til utvikling og resultatoppnåing. Innbyggjarane skal i størst mogleg grad vere aktive, kunne ta ansvar sjølve, oppleve livsmeistring og livskvalitet, gjennom heile livet. Kommunestyret vil at barnehagen, skulen og kulturskulen i Solund skal vere inkluderande og trygge arenaer der barna trivst, utviklar seg, lærer og har gode kvardagar. Innbyggjarane i Solund skal ha ein god og aktiv alderdom. Kommunedirektør prioriterer å halde oppe det vedtekne nivået på dei kommunale tenestene i Solund. Kommunen legg til rette for eit aktivt liv for folk i alle livsfasar, og prioriterer møteplassar. Det er foreslått 0,2 mill. til velferdsteknologi i planperioden. Folkehelseprogrammet for unge og ungdom er forlenga til 2025. Satsinga på omdømme og rekruttering kan styrka rekrutteringa av naudsynt kompetanse til kommunale tenester.

Betre samferdsle og infrastruktur

Kommunestyret vil legge til rette for størst mogleg mobilitet for personar og gods både internt i kommunen, og mellom Solund og fastlandet. Kommunedirektør har intensivert arbeidet med å legge til rette for ekspressbåtstogg for hovudbåten på Hardbakke. Kommunen er i tett dialog med fylkeskommunen og innbyggjarane om kollektivtilbodet. For 2023-25 er det sett av tilsaman 1,8 mill. til breibandutbygging, i økonomiplanperioden er det sett av 3,7 mill. kroner til vedlikehald av kommunale vegar og det står att 1,6 mill. til utbygging av basestasjonar for mobildekking.

Klima og miljø

Berekraft er eit førande prinsipp for utvikling og vekst i Solund. All arealbruk skal skje på lokalsamfunnet og naturen sine premiss. I 2023 skal det lagast ein plan for klima og naturmangfald med tydelege strategiar og tiltak for å møte klimaendringane og ta betre vare på naturmangfaldet, i ein aktiv og levande kommune. Nye sjøareal er sett av til berekraftig fiskeri og havbruksnæring, og landbruket i Solund tar vare på og utviklar det biologiske mangfaldet i kystlandskapet. Mangesysleri og småskaladrifta spelar på lag med omgjevnadane, og hindrar omfattande attgroing av kulturlandskapet. Som eit resultat av regionalparksamarbeidet er barn, unge, og innbyggjarane elles engasjerte i skjøtsel av kystlandskap, noko som gav regionalparken 2.plass på KLP sin framtidspriis for kommunane i 2022.

Det kommunale inntektssystemet:

For di kommune-Noreg er så mangslungen på både storleik, topografi, demografi og næringsstruktur / skatteinntektsnivå, er det etablert eit sinnrikt utgifts- og inntektsutjamningssystem mellom kommunane. Målet med systemet er at kommunane skal kunna tilby like gode og likeverdige tenester uavhengig av kor ein høyrer til i landet.

Inntektssystemet er under revisjon og nytt system skal gjelde frå 1/1 2024. Under følgjer ein gjennomgang av korleis dagens system fungerer.

Utmåling av rammetilskot

Under følgjer rammetilskotet si oppbygning, med vekt på dei element som påverkar Solund (sjå korleis desse elementa slår ut i praksis, i tabelloppsettet til denne saka):

- **Innbyggjartilskot** – er fast pr. innbyggjar (om lag kr. 25.000 år 2020), og vert utmålt heilt uavhengig av alder og behov for utgiftsdekning.
- **Utgiftsutjamning** – Nivået på utjamninga vert utrekna etter nokre kriteriedata omkring kommunane som t.d. vert henta frå KOSTRA-databasen, omkring t.d. alderssamansetnad, avstandar til andre kommunesenter, utdanningsnivå, m.m.
Det er uråd å definere kva sum pr. innbyggjar dette vil gje, sidan ulike aldersgrupper krev ulikt nivå på kommunale tenester. Generelt sett kan ein seie at born i skulealder samt aldersgruppa 80-89, vert rekna for å trekka mest utgifter og dermed utløyser mest rammetilskot.
- **Særskilde fordelinar** – Årleg vert det gjort ulike endringar med omsyn til oppgåver kommunane vert pålagt å løyse, med eller utan øyremerkt tilskot. Og frå tid til anna så startar det opp nokre satsingsområde som det vert definert nokre frie «øyremerkte» midlar til, som t.d. satsinga på helsestasjon-/skulehelseteneste. Då sikrar regjeringa seg betre for at oppgåvene vil verta løyst.
- **INGAR** – dette er ei INntektsGARantiordning som trer inn når uforholdsmessige store endringar i frie inntekter slår inn i ein kommune grunna t.d. inntektssystemendringar og vedtekne reformer (ikkje som følgje av demografiske endringar). Jf. det som er skrive i førre avsnitt om høgare vekting av yrkesaktive. Garantiordninga skal sikre eit jamt tenestetilbod, medan kommunen arbeider med tilpasse drifta til sine nye rammevilkår.
- **Distriktstilskot Sør-Noreg** er eit regionalpolitisk tilskot som vert tildelt etter ulike sonevurderingar. Tilskotet vert ikkje tildelt kommunar som mottek andre regionalpolitiske tilskot. Eit småkommunetillegg er inkludert i dette tilskotet.
- **Skjønsmidlar** – vert fordelt etter instruksjonar frå Statsforvaltaren etter årvisse vurderingar av den einskilde kommune sine særskilde utfordringar, og som inntektssystemet ikkje klarar fange opp. Midlane kan også verta tildelt som prosjektskjønsmidlar, for å stimulera til auka satsing på statleg ynskte tenestoområde.
- **Vekstkommunetilskot** – tilskotet vert berre ytt til dei kommunar som har «unormal» høg vekst i folketalet. Grensa er på 1,4% større vekst enn landsgjennomsnittleg vekst dei 3 siste åra. Dette tilskotet vert finansiert med nedgang i andre delar av inntektssystemet. Dette har difor vore ei uheldig ordning for kommunar med folketalsnedgang.
- **Andre element i inntektssystemet** – Det kjem årvisse små endringar som følgjer av løpande revideringar av Statsbudsjettet og Kommuneøkonomiproposisjonar, etter forlik i budsjettforhandlingsrundane

Folketeljinga pr. 1/7 året før, gjev grunnlaget for alle inntektselementa som er nemnt ovanfor. Endringar i inntektselementa får difor ikkje verknad i løpet av inntektsåret, berre året etter.

Vidare er det også etablert eit inntektsutjamningssystem. Dette fordi det er svært ulikt skatteinntektsnivå for kommunane og ei utjamning av inntektene er naudsynt for å sikre eit jamt tenestetilbod til innbyggjarane. Inntektsutjamninga er lagt opp slik at det skal gje ein viss motivasjon på å skape inntektsbringande aktivitet og gode skatteinntekter til kommunen.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Slik fungerer inntekstutjamninga:

- Når ein kommune har skatteinntekter som er over 110% av landsgjennomsnittet, vert 60% av denne overskytande delen trekt ut og fordelt med tilsvarende prosent til kommunar som har skatteinntekter under 100% av landsgjennomsnittet. Det vert ytt ein tilleggskompensasjon på 35% for kommunar som har under 90% av landsgjennomsnittet. Tilleggskompensasjonen vert finansiert med eit uttrekk frå alle kommunar (ein kronesum pr. innbyggjar).
- Det er det forventta folketal pr. 1/1 i inntektsåret som gjev det endelege grunnlaget for den statlege skatteprognosen og prognosert inntekstutjamning. I løpet av driftsåret vil det så skje ei løpande inntekstutjamning, med denne skatteprognosen som eit fast grunnlag. Det er difor om å gjere å hanke inn meir skatteinntekter enn statleg prognose. Som hovudregel kan ein seie at av meirskatten får kommunen behalde 40%. Tapte inntekter vert kompensert med 60%.

Oppsummert om det kommunale inntektssystemet:

Som ein tommelfingerregel kan ein seie at 1 innbyggjar fører til i snitt om lag kr. 50.000 i endra frie inntekter til kommunen (summen av rammetilskot, skatt og inntekstutjamninga), vel vitande om at alle desse ovanfor nemnde variablane vil gje vesentlege variasjonar om ein bryt utrekninga ned på enkeltindivid.

Føreslegne endringar til nytt inntektssystemet, gjeldande frå år 2024:

I mai 2020 vart det sett ned eit offentleg utval som skulle gjere ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet. Utvalet har no lagt fram si utgreiing i ein NOU og kome med framlegg til endringar. Framlegget er på høyring. Regjeringa tek sikte på å kome med framlegg til nytt inntektssystem for kommunane i kommuneproposisjonen våren 2023, med verknader frå 2024.

Utvalget meiner at dagens inntektssystem i all hovudsak fungerer godt. Endringar som er foreslått er meint å skulla bidra til at kommunane endå betre skal klare å tilby likeverdige tenester til sine innbyggjarar. Desse forslaga har regjeringa baka inn i det økonomiske opplegget frå år 2024.

Skatt og inntekstutjamning:

I snitt utgjer skatteinntektene over halvparten av kommunane sine frie inntekter.

Utvalget sine endringsframlegg skal sikre ei betre utjamning av skeivfordelte inntekter mellom kommunane som t.d.:

- Justere fordelinga av inntektene frå formuesskatt og skattepliktig utbyte.
- Legge inn ein moderat del av skatteinntektene frå vasskraft, havbruksfond og eigedomsskatt på kraft- og petroleumsanlegg, i inntektssystemet og inntekstutjamninga.
- Ikkje høve til å justere den kommunale satsen på formuesskatt. Om dette ikkje skjer; - ingen utjamning av reduserte inntekter

Utgiftsutjamning:

Utvalget meiner det framleis skal vera full utjamning av ufrivillige kostnadsulikskapar mellom kommunene. Berre små endringar i kriterier og vektingar vert foreslått.

Regionalpolitiske tilskudd

Utvalget meiner det framleis er trong for nokre regionalpolitiske tilskot, men at omfanget bør avgrensast og at tilskotet i større grad må målrettast mot kommunar med særskilde utfordringar. Utvalget tilrår m.a. å avvike veksttilskotet.

Andre forslag

Utvalget foreslår at tilskot gitt med særskilt fordeling, vert avvikla og at skjønstilskot vert redusert, mot ein større del fordelt etter faste kriterie i utjamningssystemet.

Utvalget meiner at ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester bør endrast og at fordeling bør skje utifrå vurderingar av totalkostnader for kommunane og innafør inntektssystemet. Utvalget meiner at kommuner med kostnader knytt til mange gjesteinnbyggjarar, ikkje bør takast omsyn til i inntektssystemet.

Samla sett for kommunesektoren gir foreslåtte endringar med inntektssystemet ikkje dramatiske utslag. For Solund gir dei foreslåtte endringar ein positiv effekt. Men det er under føresetnader av at følgjene av føreslegne endringane på element som ligg utanfor inntektssystemet, ikkje slår negativt ut. T.d. må dei store endringane i skatteopplegget verta vedteken, endringar i finansieringa av ressurskrevjande brukarar må bli eit nullsumspel og auksjonar i havbruksnæringa / inntekter frå havbruksfondet vert som forventa av regjeringa.

Statsbudsjettet - Endringar i dei økonomiske rammevilkåra

Endringar i frie inntekter for år 2022

- Skatteinntektene vert oppjustert med 2,4 mrd. for kommunesektoren, samanlikna med anslaget i revidert nasjonalbudsjett. Veksten skuldast skatt frå høgare uttak av utbytte enn forventa.
- Deflatoren (gjennomsnittleg løns- og prisvekst) er oppjustert med 1,6% til 5,3%. Dette skuldast auke i elektrisitet og byggevare. Lønsveksten er oppjustert med 0,1% til 3,8%.
- Kompensasjonen for Covid-19 utgifter i år 2022, vert ikkje foreslått før i ein eigen tilleggsproposisjon i november.

Elles er det ingen vesentlege endringar ved framlegging av statsbudsjett, som påverkar kommunesektoren for år 2022.

Det vert vist til Statsforvaltaren sitt budsjetttrundskriv for nærare detaljar.

Endringar i samla frie inntekter for år 2023

Lønsveksten er i framlegg til statsbudsjett stipulert til 4,2%. Prisveksten er stipulert til 3,0-3,2%. Dette gjev ein kommunal deflator på 3,7% .

Det er pårekna ein auke i det kommunale skatteøyret. Det vil seie at andelen av skatteinntektene til kommunesektoren vert auka neste år frå 10,95% til 11,15% (andelen var 12,15% i år 2021).

Regjeringa foreslår ein realvekst (etter at løns- og prisveksten er trekt frå) i kommunesektoren sine frie inntekter på om lag 1,7 mrd. Midlane skal dekkja tilsvarande demografiske utgifter på 1,7 mrd.

«Anslåtte merutgifter til demografi er et uttrykk for hva det vil koste å opprettholde tjenestetilbudet i blant annet skole, barnehage og omsorgstjenesten med uendret standard og produktivitet i tjenestene».

Regjeringa skriv at heile den demografiske veksten i år 2022, er knytt til flyktningar frå Ukraina. Det betyr at regjeringa sine ambisjonar på vegne av kommunesektoren må vera dempa. Å oppretthalda det kommunale tenestetilbodet vert eit utleia mål.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Kommunesektoren er like fullt sett til å løysa dei økonomiske utfordringane og satsingane som er knytt til det framlagte statsbudsjettet. Her kan nemnast dei største (småsummar og irrelevante satsingar for Solund kommune, er ikkje lista opp under):

- 329 mill. – Maksimal foreldrebetaling er foreslått å verta redusert til kr. 3.000 pr. mnd.
- 20 mill. – Gratis barnehageplass for tredje barn i familien
- 498 mill. – Barnevernsreform ekstra kostnader
- 32 mill. – Ny barnevernslov – planlegging for gjennomføring av samvær
- 480 mill. – Auka basistilskot til fasttækjarar (vil normaltvgi auka lønnskrav)

Regjeringa har funne nokre naturlege innsparingar:

- -100 mill. – redusert behov for økonomisk sosialhjelp (jf. endring arbeidsavklaringspengar)
- -106 mill. – Reduksjon grunna fleire elevar i private og statlege skular
- - 26 mill. – Overføring til øyremerkt tilskot til ressurskrevjande brukarar
- -100 mill. – Reduserte pensjonskostnader. Regjeringa påpeikar at dette er eit usikkert anslag.

Ressursbruken knytt til desse endringane / satsingane kan slå ulikt ut for den einskilde kommune. Og kor mykje den einskilde kommune får i realvekst gjennom statsbudsjettet, påverkar evna til å løysa oppgåvene.

Underdekninga for kommunesektoren synast å vera på om lag 1 mrd.

Det slår i tillegg inn nokre heilårseffektar på utgifter knytt til tidlegare års satsingar:

- 400 mill. – Maksimal foreldrebetaling redusert frå 1/8 2022 til kr. 3.050
- 795 mill. – 12 timars gratis SFO på første trinn frå hausten 2022
- 83 mill. – Barnekoordinator frå 1/8 2022
- 18 mill. – Felles dagsats for tiltakspengar frå 1/1 2022
- 387 mill. – Behalde barnetrygd ved utbetaling av sosialhjelp frå 1/9 2022
- 69 mill. – Statleg rettleiande satsar for økonomisk sosialhjelp ekstra auke frå 1/7 2022

For Solund kommune er desse tatt høgd for i gjeldande økonomiplan, sidan dei vart varsla i førre års statsbudsjett. Men dette er nok ikkje tilfelle for alle kommunar.

Kompensasjonane for tidlegare års satsingar på både skule så vel som for helsestasjon og skulehelsetenesta er oppretthalde i dette framlegget til statsbudsjett.

Det vert lagt opp til inndraging av ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft i område med høgaste straumprisar. Dette vedkjem ikkje Solund kommune. Heller ikkje auken i tilleggskompensasjon til ressurskrevjande teneste når Solund kommune opp i.

Endringar frå og med år 2024

Regjeringa gjer framlegg om å innføre grunnrenteskatt for landbaserte vindkraftverk og på havbruk (laks, aure, regnbogeaure) frå 2023, med ein skattesats på 40 prosent. Regjeringa legg opp til at halvparten av inntektene frå grunnrenteskatten skal gå til kommunesektoren. Skatten vil bli kravd inn av staten f.o.m. 2023, men vil bli fordelt til kommunesektoren først i år 2024. Totalt er skatten påreknad å utgjere om lag kr 3,1 - 3,2 mrd. i inntekter til kommunesektoren i 2024. Alle kommunar og fylkeskommunar vil få inntekter frå grunnrenteskatten, men vertskommunar vil få ein større del.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Kommunesektoren sine inntekter frå grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft vil vere tredelte:

1. Ei produksjonsavgift som vil gå direkte til vertskommunane (for havbruk vil også noko gå til vertsfylkeskommunane). Denne er pårekna til kr 750 mill. for havbruk og kr 334 mill. for vindkraft.
2. Ein naturressursskatt som vil gå inn i berekningsgrunnlaget for inntektsutjamninga i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane. Denne er rekna til kr 750 mill. for havbruk og kr 217 mill. for vindkraft.
3. Ei ekstraløyving som vil gå inn i rammetilskotet. Denne skal sikre at kommunesektoren får den fastsette delen av grunnrenteskatten på 50 prosent. Denne inntekta er rekna til kr 325 - 400 mill. for havbruk og kr 700 mill. for vindkraft.

Framlegget har ikkje direkte innverknad på inntektene til / frå det statlege Havbruksfondet. Men ein har sett at framlegget om auka skattlegging førte til redusert interesse i auksjonsrunden i år 2022. Særleg viste seg at dei største verksemdene uteblei frå auksjonsrunden.

Verdien på konsesjonane som vart selde i oktober, var på 3,8 mrd. mot 6,0 mrd. i år 2020. Mange forventa opp mot 8,0 mrd. i salsinntekter i år 2022.


Dette får konsekvensar for utbetalingar til havbrukskommunane frå Havbruksfondet i år 2022.

Om dette også vil få konsekvensar i år 2024, gjenstår å sjå.

Alle dei føreslegne endringane i statsbudsjettet, er lagt inn i KS sin prognosemodell og i tabelloppsettet som følgjer kommunedirektøren sitt framlegg til frie inntekter for planåra 2024-2026.

Solund kommune sine frie inntekter

Statsforvaltaren har presentert ein samla oversikt over veksten i frie inntekter for kommunane i Vestland fylke.



ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Som ein kan sjå av diagrammet, så kjem Solund kommune (tradisjonen tru) på nest siste plass i fylket, med ein inntektsvekst på 2,0%. Dette er 1,5% lægre enn gjennomsnittet for fylket og landet elles, noko som utgjer om lag 1,2 mill. Det betyr at kommunen er bakpå og må starte sin budsjettprosess med å finna dekning for denne summen. Nye satsingar frå regjeringa i tillegg. Det er verd å nemne at inntekter frå det statlege Havbruksfondet ikkje er tatt med i grunnlaget for diagrammet nedanfor.

Endringar i frie inntekter pr. inntektselement år 2023

Under følgjer kommentar til det som skaper endringar i ulike inntektselement i inntektssystemet. Tala som er oppgitt er justert for prisvekst.

Endring i utgiftsutjamninga:

Det er kriteriedata for Solund som styrer utmålinga av kommunen sitt behov for utgiftsdekning for driftsåret. Teljetidspunktet er 1/7 kvart år. Tabellen under syner korleis kriteriedata, herunder befolkningssamansetnaden, har endra seg dei siste åra. Forskjellen frå år 2021, skaper endringar i kommunen sitt behov for utgiftsdekning via utgiftsutjamningselementet i inntektssystemet.

Kriteriedata	Folketall 1.7.2017	Folketall 1.7.2018	Folketall 1.7.2019	Folketall 1.7.2020	Folketall 1.7.2021	Folketall 1.7.2022
Innbyggere ialt	807	807	816	783	771	758
Innbyggere 0-1 år	11	13	12	7	10	12
Innbyggere 2-5 år	24	22	26	26	24	23
Innbyggere 6-15 år	90	94	88	81	75	66
Innbyggere 16-22 år	61	61	61	61	58	59
Innbyggere 23-66 år	441	435	441	416	418	404
Innbyggere 67-79 år	122	127	133	138	134	139
Innbyggere 80-89 år	47	46	43	42	40	46
Innbyggere 90 år og over	11	9	12	12	12	9
Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia	12	16	15	15	17	10
Flyktninger uten integreringstilskudd	0	0	0	0	2	9
Dødlighetskriteriet	7	6	5	5	6	6
Barn 0-15 med enslige forsørgere	13	13	12	14	14	16
Lavinntektskriteriet	19	24	40	41	40	26
Uføre 18-49 år	6	7	7	9	8	6
Aleneboende 30 - 66 år	56	53	59	56	55	58
Psykisk utviklingshemmede 16 år	2	2	2	2	2	1
Ikke-gifte 67 år og over	84	88	85	89	85	82
Andel barn 1 år uten kontantstøtte	4	4	7	3	1	8
Innbyggere med høyere utdanning	127	131	142	142	137	140
	01.01.2018	01.01.2019	01.01.2020	01.01.2021	01.01.2022	01.01.2023
Folketall per 1.1. i IS-året	807	820	802	786	768	771

- Reduksjonen på 25 elevar i grunnskulen dei siste 5 åra, har gitt ein stor negativ effekt på kommunen sine frie inntekter tidlegare år. Reduksjonen i elevtalet har vore på 9 stk. siste året. Dette reduserer kommunen sitt behov for utgiftsdekning med heile -1,0 mill.
- Den andre store negative endringa er knytt til reduksjonen i tal PU-brukarar. Dette reduserer behovet for utgiftsdekning med -0,8 mill.
- Endringa for tal innvandrarar 6-15 år ekskl. Skandinavia er lågt, og skaper eit redusert behov for utgiftsdekning med om lag -0,2 mill.
Vi veit at det har vore ein auke i haust, men dette slår ikkje inn i kriteridata før i år 2024.
- Endringa i innbyggjarar i aldersgruppene 67-79 (+5 stk.), 80-89 (+6 stk.) og 90+ (-3 stk.), gir ein samla netto behov for auka utgiftsdekning på vel +0,2 mill.

Systemet vert styrt av objektive data og er nådelaus i møte med befolkningsendringar.

Alle endringane ovanfor fortel at kommunen har eit netto redusert behov for utgiftsdekning på om lag -1,8 mill. i år 2023.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Samstundes skaper auken i tal barn utan kontantstøtte, eit auka behov for utgiftsdekning med +0,9 mill. Andre mindre endringar utgjer tilsaman +0,1 mill. i behov for utgiftsdekning. Basistilskotet til kommunen er meint å skulle jamne ut det som manglar av dekning innafor det samla berekna behovet for utgiftsbehovet som vert rekna ut kvart år for kommunane. Dette tilskotet aukar med vel +0,6 mill. for Solund kommune.

Endringar i innbyggjartilskot:

Isolert sett vert innbyggjartilskotet redusert med negativ folketalsendring frå 1/7-21 til 1/7-22 (-13 stk.) med om lag -0,25 mill. Men systemendringar har på same tid medført ei oppjustering av satsen, slik at dette tilskotselementet har fått ein vekst på +0,4 mill.

Endringar i andre inntektselement:

Både Inntektsgarantien (INGAR) og skjønsmidlane frå Statsforvaltaren er justert ned, med høvesvis -0,35 mill. og -0,15 mill. Dette tyder på at både inntektssystemet og Statsforvaltaren meiner Solund kommune får tilstrekkeleg med inntekter til å kunna levere eit godt tenestetilbod.

Statsforvaltaren sin argumentasjon for å redusere skjønsmidlane til kommunen:

«Det har vore nedgang i folketallet i dei siste åra. Kommunen har fått relativt store utbetalingar frå Havbruksfondet. Årets utbetaling frå Havbruksfondet er påreknad å bli høg. Utbetalingane har gitt grunnlag for å bygge opp eit relativt stort disposisjonsfond. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerede for variasjon i utgiftsbehov er 125 prosent av landsgjennomsnittet. Dei samla inntektene vil variere relativt mykje frå år til år som følgje av variasjonane i utbetalingane frå Havbruksfondet. Kommunen si lånegjeld er på eit nivå under landsgjennomsnittet, men kjem til å auke vesentleg som følgje av investering i ny skule. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønsmidlar på kr 100 000, til 1,3 mill. kroner».

Til særskilt fordeling:

Er auka med +0,5 mill.

Dette skuldast at tilskotet til kvar grunnskole no er no lagt inn i dette inntektselementet.

Oppsummert endring rammetilskot:

Utgiftsutjamninga vert redusert med	- 0,20 mill.
Innbyggjartilskotet er auka med	+0,40 mill.
Utgiftsutjamninga er redusert med	- 0,24 mill.
Skjønsmidlar vert redusert med	- 0,11 mill.
INGAR vert redusert med	- 0,35 mill.
Distriktstilskotet – ingen endring	
Til særskilt fordeling aukar med	+0,50 mill.
Korreksjon for Koronakompensasjon er redusert med	+0,80 mill.
Sum rammetilskot er auka med	+1,00 mill.(realauke)

Endring Skatt og inntektsutjamning:

Skatteanslaget er redusert med	-1,675 mill. (her -0,25 mill. lokalt anslag)
Inntektsutjamninga er redusert med	-0,525 mill.
Sum skatt og inntektsutjamning er redusert med	-2,200 mill.(realnedgang)

Nedjusteringa av skatt og inntektsutjamning skuldast at andelen av ekstra skatteinntekter knytt til dei skattemotiverte uttaka av utbyte i år 2022, ikkje vert vidareført til år 2023.

Skatteanslaget er også nedjustert grunna redusert folketal. Prognosane legg opp til eit folketal pr. 1/1 2023 på 771 stk. Med busetjing av nye flyktningar kan dette syne seg å vera realistisk.

Sum reell reduksjon i frie inntekter (rammetilskot og skatt) er etter dette -1,2 mill.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

I tillegg kjem nye kostnader / reduserte inntekter som følgje av regjeringa sine nye større satsingar og heilårsverknader av satsingar med oppstart i år 2022

- Ansvar 200 – Redusert maksimal foreldrebetaling år 2023 / gratis barnehageplass barn nr. 3
 - Inntektsstap kr. 57.000 kan ikkje auke med bruk av kommunal deflator
 - Inntektsstap kr. 18.000 som følgje av redusert sats
 - Reduksjonen frå år 2022 er allereie kompensert i ramma
- Ansvar 210 – Heilårsverknad for 12 timar gratis SFO 1. trinn
 - Antatt inntektsstap kr. 25.000
 - Det er førebels usikkert kva ekstra ressursbruk som går med
- Auka basistilskot til fasttækjarar. Vil iflg. regjeringa føre til auka lønsnivå.
 - Bør styrkast med kr. 200.000
- Ansvar 280 Barnevernsreform og Ny barnevernslov. Planlegging gjennomføring av samvær
 - Ramma vart styrka i år 2022.
 - Innmeldt behov frå interkommunal teneste for år 2023, er allereie dekkja av ramma

Mogleg inndekning:

- Ansvar 480 - Redusert behov for økonomisk sosialhjelp (jf. endring arbeidsavklaringspenger)
 - Vert inntil vidare tilrådd oppretthalde dagens løyving grunna:
 - Budsjettet er allereie barbert
 - Heilårsverknaden med at barnetrygd skal behaldast ved utbetaling av sosialhjelp, vart ikkje kompensert i år 2022
- Ansvar 799 - Reduserte pensjonskostnader.
 - regjeringa påpeikar at dette er eit usikkert anslag. Det vert tilrådd å avvente med å legge inn innsparingar her

Dette betyr at Solund kommune startar budsjettprosessen for år 2023 med eit inndekningsbehov på om lag 1,5 mill. Dette er før effekten av Noregs bank sine siste signal om rentebana for komande år.

Endringar i frie inntekter pr. inntektselement år 2024-2026

Vanlegvis vert inntektene i planperioden vidareført på same nivå som framlegg til 1.års budsjett. Men for årets framlegg til statsbudsjett er det foreslått store endringar i skatteopplegget for havbruksnæringa og kraftverksemder for år 2023, men med fordelingsverknader først frå år 2024 ff. Desse endringane er positive for økonomien til Solund kommune, men den positive skattevinsten fører også til ei større negativ inntektsutjamning. Samanlikna med frie inntekter for år 2023, vil Solund få følgjande endringar i høve gjeldande økonomiplan:

	2023	2024	2025	2026
Innbyggjartilskot	+ 424'	+ 594'	+ 629'	+ 629'
Utgiftsutjamning	+ 327'	+ 456'	+ 563'	+ 563'
INGAR	- 175'	- 300'	- 200'	- 100'
Anna netto auke i rammetilskot	+ 143'	+ 143'	+ 141'	+ 141'
Skatt	+ 886'	+7.590'	+7.590'	+7.590'
Inntektsutjamning	+ 27'	- 3.920'	- 3.920'	- 3.920'
1000-avrunding	+ 68'	+ 37'	+ 47'	+ 47'
Sum meirinntekter	+1.700'	+4.600'	+4.850'	+4.950'

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Det er viktig å vera klår over at summene skal dekke prisveksten:

Til dekning prisvekst (3,7%)	- 2.900'	- 2.900'	- 2.900'	- 2.900'
Reell endring	-1.200'	+1.770'	+1.950'	+2.050'

Tabellen syner at skatteframlegget frå regjeringa vil betre rammevilkåra for Solund med 2,90-3,25 mill. for planåra 2024-2026, samanlikna med år 2023.

Frie inntekter vert justert i budsjett og økonomiplan med endringar som foreslått i tabellen ovanfor. Ekstra lokalt skatteanslag på 0,35 mill. pr. planår, vert tilrådd saldert bort i dette budsjettframlegget

PS! Ei mogleg nedside med regjeringa sitt skatteopplegg, er at det kan verte lægre auksjonsinntekter i havbruksnæringa i år 2024, 2026, 2028, osv., slik som vart tilfelle i år 2022. Det vil i så fall redusere inntektene frå det statlege havbruksfondet.

Andre overordna statstilskot

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Rentekompensasjon Sokneråd	-3 265	-10	-10	-10	-10	-20
Rentekompensasjon skulebygg	-7 701	-15	-15	-15	-15	-30
Rente- og avdragskomp. Solundheimen	-433 464	-450	-450	-450	-450	-500
Justering til marknadsrente						
Sum andre generelle statstilskot	-444 430	-475	-475	-475	-475	-550

Desse tilskota er særskilde kompensasjonsordningar knytt til investeringar som staten har invitert kommunane til å vera med på. Det er alltid Husbanken si fastrente som ligg til grunn for utmåling av tilskot. Marknadsrenta i samfunnet er no stigande, noko som borgar for ein høgare kompensasjon. Ei mindre oppjustering kan verte aktuelt, om ein ser at Noregs bank fortset med si opptrapping av styringsrenta i desembermøtet.

Det vert ikkje tilrådd endringar i rentekompensasjonsnivået for denne planperioden.

Eigedomsskatt

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Eigedomsskatt	-1401994	-1 450	-1 450	-1 800	-1 800	-1 800
Justering til gjennomsnittleg kvm-prisar 5 siste år						
Justering av skattesats (kvar 0,5 promille utgjer kr. 450')						

1. Eigedomsskattetakstane på bustadhus (skatteetaten sine marknadsverdiar /bustadverdiar) vert utrekna utfrå gjennomsnittleg kvm.pris for selde bustadhus dei 5 siste åra i gjeldande takstzone. Skatteetaten sine marknadsverdiar for år 2021 (bustadverdien i skattemeldinga) er ikkje produsert / gjort kjent endå. Kvm.prisen har mest truleg gått opp med veksten i salsprisane i perioden 2017-2021. Kommunedirektøren avventar med å tilrå justering til grunnlaget for år 2021 er gjort kjent.
2. Eigedomsskatten er i dag på 2,0 promille i Solund kommune. Det var lenge planlagt å sette opp skattesatsen med 1,0 promille frå og med år 2022. Etterkvart som kommunen fekk ei større og meir stabil inntekt frå det statlege Havbruksfondet, vart denne planen skrota.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Dersom regjeringa sine planar om å styrkje kommuneøkonomien til dei små distriktskommunane ikkje får ynskjeleg effekt gjennom nytt skatteopplegg, har kommunen eit uutnytta inntekspotensiale i å auka eigedomsskattesatsen.

Kvar 0,5% auke gjev om lag 0,4-0,5 mill. i auka inntekter.

- Fritidsbustader fekk sin skattetakst fastsett etter marknadsverdien som galdt i år 2014. Iflg. eigedomsskattelova skal alle eigedomsskattetakstar som ikkje følgjer skatteetaten sine bustadverdiar, gjelda i 10 år, utan prisjustering. I 2023 skal det gjerast ei retaksering til dagens prisnivå av desse skattetakstane, med verknad frå år 2024. Administrasjonen ser også på kva grep som kan gjerast med eigedomsskatten som gjer det er meir attraktivt å ha fast bustadadresse i Solund, framføre fritidsbustad. Dette må i så fall utgreiast nærare. Det fører til tap av eigedomsskatteinntekter, men dersom fleire vel å melde flytting til Solund som følgje av ei slik endring, kan tapet kompensert med auke i frie inntekter

Det skal årleg gjere eit utskrivingsvedtak for eigedomsskatt i samband med budsjettvedtaket.

Fortrinnsvis er det promillesatsen som bør ha fokus, men også andre element kan endrast.

Framlegg til utskrivingsvedtak følgjer i sjølve saksframlegget. Det er ikkje tilrådd endringar på noko punkt i utskrivingsvedtaket for år 2023.

Arbeidet med retaksering av eigedomsskattetakstane vert starta opp i år 2023.

Det vert inntil vidare ikkje tilrådd endringar i skattetakst / eigedomsskattinntekter.

Integreringstilskot flyktningar

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB - 23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Integreringstilskot flyktningar vedtak - 8 stk. busett	-864 000	-1 500	-1 900	-1 350	-650	-550
Auka tilskot 4 personar		-750	-950	-675	-325	-275
Integreringstilskot flyktningar vedtak - 12 stk. <u>ikkje</u> busett		-600				
Justert til 8 stk. ikkje busett		200				
Ytteregare busetjing flyktningar						

Det er no busett 12 flyktningar i Solund, av totalt 20 som anmodninga frå staten lydde på. Av desse er det budsjettert inntekter for 8 og kompensasjon frå staten for dei 12 vi trudde ikkje kom.

Med auka busetjing, vert integreringstilskotet auka med 50%. Samstundes vert kompensasjonen frå staten redusert til å gjelde for 8 ikkje-busette flyktningar (å kr. 50.000).

Det kan endå skje at det kjem fleire flyktningar til Solund seinare år. Solund kommune kjem truleg til å verta oppmoda om å ta imot flyktningar i år 2023.

Kommunedirektøren ynskjer å vera forsiktig og tilrår budsjettering ut frå dagens situasjon.

Det vert tilrådd endringar i planperioden, i tråd med tabellen ovanfor.

Inntekter frå det statlege havbruksfond

Budsjettskjema 1A og 1B	R - 21	RB - 22	OB - 23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Inntekter statleg Havbruksfond - produksjonsavgift		-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500
Justering produksjonsavgift - effekt nytt skatteopplegg			-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Inntekter statleg Havbruksfond - auksjonar	-8 229 748	-17 750		-16 500		-16 500
Justering auksjonar - effekt nytt skatteopplegg		5 500		3 500		3 500
Effekt sal av restløyver - auksjon						
Effekt andre grep (endra skatteopplegg / fordeling stat vs. Kommune)						

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Det vert vist til tertialrapport nr. 1 år 2022 om grunnlaget for oppjusteringa inntektene frå det statlege Havbruksfondet i driftsåret. Mykje har skjedd i oktober som kan påverka inntektene både i inneverande år så vel som for komande år.

Regjeringa presenterte sitt nye skatteopplegg (auka produksjonsavgift, ny grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft, samt ekstra rammetilskot), like før framlegging av statsbudsjettet for 2023. Samstundes utsette dei bodrunden på årets auksjonssal av laksekonsesjonar. Sjå side 10 for nærare detaljar omkring dette. Av tabellen på side 14, ser ein at framlegget til Statsbudsjett bidreg til å auka dei frie inntektene for vår kommune med vel 3,0 mill. i planperioden.

Inntektene frå auka produksjonsavgift gir 2,0 mill. til kommunen frå og med år 2023. Men varsel om endra skatteopplegg førte også til redusert interesse for å delta i auksjonane i år 2022. Sal av nye løyver gav 3,8 mrd. i inntekter til fondet, mot 6,0 mrd. i år 2020. Det er viktig å merke seg at det enno gjenstår løyver til ein verdi av om lag 1,0 mrd. som ikkje er seld.

Dette betyr at Solund må nedjustere sine inntektsforventningar frå fondet med 5,5 mill. i år 2022.

For år 2024 og 2026 vil inntektstapet verta på 3,5 mill., om interessa for kjøp av laksekonsesjonar held seg på same låge nivå også i åra som kjem.

Dersom regjeringa korkje legg ut for sal dei siste løyva, eller endrar fordelingsnøkkelen av inntektene frå havbruksfondet mellom kommune og stat (i dag 40%/60%), så må kommunen nedjustere sin planlagte avsetnad i år 2022, 2024 og 2026, tilsvarande reduksjonen i desse inntektene. Tilsvarande kan kommunen pårekne høgare stabile inntekter i år 2023, 2025, 2027, ff., frå dette fondet.

Netto gevinst på denne endringa isolert sett og samanlikna med vårt reviderte budsjett, er pårekna til å verte i snitt om lag 0,25 mill. pr. år for Solund kommune.

Det er positivt at inntekter vert meir stabile og føreseielege. Men det er leitt at kommunen ikkje får høve til å setje av like store midlar i år 2022 som budsjettet.

Mange andre kommunar hadde lagt inn langt større inntektsforventningar i år 2022, enn det vår kommune hadde lagt til grunn.

Foreininga NFKK (Nettverk Fjord og Kystkommuner), som Solund er medlem av, har på vegne av sine medlemmer kome med ein uttale til regjeringa si skattlegging på havbruk. Heile uttalen kan lesast her: <https://www.nfkk.no/stort-inntektsfall-for-havbrukskommunene/>. Her er eit utdrag:

I regjeringens forslag til statsbudsjett for 2023 kom det et forslag om grunnrenteskatt på 40 prosent på havbruk, som angivelig skal gi mellom 3,65 og 3,8 milliarder kroner i ekstra inntekter til staten. Det er i ulike sammenhenger, og av flere i regjeringen, framstilt som at kysten og havbrukskommunene skal motta en broderlig andel av dette.

Da resultatet fra årets utsatte auksjon av nye tillatelser til oppdrett av laks, ørret og regnbueørret ble avsluttet før helga, var det klart at det var solgt tillatelser for til sammen 3,8 milliarder kroner.

– Det er imidlertid over fire milliarder kroner mindre enn mange hadde forventet i forkant, sier Hitra-ordfører Ole L.

Haugen som også er styreleder i Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK). Nettverket består av 78 norske kommuner langs hele den norske kysten som er vertskap for havbruksnæringen.

NFKK mener regjeringen må vise ansvar og sikre at havbrukskommunene får utbetalt tilsvarende det en med rimelighet kunne forvente før forslaget om grunnrenteskatt på havbruk kom på bordet.

– Det kan gjøres ved å legge usolgt kapasitet ut på nytt, og/eller ved å kompensere tapet ved at havbrukskommunene får 70 prosent av inntektene fra den allerede solgte kapasiteten. Det vil i så fall være i tråd med opprinnelige modellen for havbruksfondet, som tilsier 70 prosent til havbrukskommunene, 10 prosent til fylkene og 20 prosent til staten.

I statsbudsjett for 2017 vart ordninga med det statlege Havbruksfondet omtala slik:

«Kommuner og fylkeskommuner som legger til rette for havbruk skal belønnes. Regjeringen har derfor i samsvar med Stortingets forutsetninger etablert retningslinjer for et havbruksfond der 80 pst. av vederlaget for nye lakse- og

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

ørretkonesjoner og økt kapasitet på eksisterende konesjoner skal fordeles til kommuner og fylkeskommuner. Ordningen er gjort gjeldende for alle nye utlysninger av vekst etter 1. jan -16, der det kreves vederlag til staten.»

I RNB 2021 vart fordelingsnøkkelen vedtatt justert frå 80% / 20% til stat/kommune, til 40% / 60%. Det vart då også innført ei produksjonsavgift gjeldande frå år 2021, med ei estimert utbetaling frå fondet på 0,5 mrd. i år 2022.

I Hurdalsplattformen vert det signalisert at kommunane bør få ein større del av fondet for framtida, med referanse til fordelingsnøkkelen. Dette burde no vera høgaktuelt å få realisert no

Det vert tilrådd ei justering i inntekter frå det statlege Havbruksfondet i tråd med tabellen ovanfor.

Sum frie disponible inntekter:

Etter at alt som er framført ovanfor, vert sum disponible frie inntekter følgjande i planperioden:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Sum frie disponible inntekter	-90 010 592	-98 425	-89 975	-105 400	-91 550	-104 475
Herav inntekter frå statleg havbruksfond	8 229 748	16 750	6 500	19 500	6 500	19 500
Sum frie disponible inntekter ekskl. inntekter frå havbruksfond	-81780 844	-81 675	-83 475	-85 900	-85 050	-84 975

Dei store variasjonane i sum disponible inntekter, har som kjent si årsak i auksjonsinntekter som vert utbetalt 2. kvart år. Held ein utanom denne inntekta, så er det skatteopplegget, og prisjusteringa på eigedomsskatten som først og fremst skaper den høge veksten til år 2024. Nedtrappinga av flykningtilskotet og eingongskompensasjonen for ikkje busette flyktningar som er årsaka til inntekstreduksjonen åra deretter.

Låneopptak, finansinntekter- og utgifter, avdrag:

Låneopptak:

Låneopptaket og unytta lånemidlar legg føringar for budsjetteringa av både renteinntekter- og utgifter for kommunen. Det same gjer storleiken på inntektene frå havbruksfondet og avsetnadane til disposisjonsfondet.

Finansiering	RB - 22	OB - 23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Bruk av lån:					
Endring låneopptak	0	0	0	0	0
Lån - vedtak (ramme)	-54 169 197	-15 454 000	-7 647 000	-7 282 000	-5 000 000

Kommunedirektøren gjennomgår i desse dagar alle innmelde investeringsbehov opp mot vedlikehaldsplanen. Denne vil verta avstemt mot ein samla investeringsplan, før endeleg utsending og handsaming av budsjettet, og eit vedtak om låneopptak vert endeleg tilrådd.

I det endelege utkastet vert investeringane forsøkt halde innafør gjeldande vedteken låneramme pr. planår.

Investeringa i Ny skule m/bibliotek kan verte eit unntak. Restløyving på brutto investeringsramme for skulen er pr. 31/10 på om lag 54 mill. Eventuelt nytt finansieringsbehov som er inntil 15 mill., kan løysast ved bruk av disposisjonsfond.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Det vert vist til tertialrapport nr. 2 for total oversikt over kva løyvingar som finst pr. dags dato, og kor mykje av desse som er planlagt finansiert med låneopptak, fond, tilskot, m.m.

Det vert elles vist til kap. 10 Investeringar, i dette dokumentet, tabelloppsettet og vedlikehaldsplanen for ytterlegare detaljar om investeringsplanen og låneopptaket. Den førebelse investeringsplanen vil verta gjennomgått i møtet.

Renteinntekter og utbytte:

Renteinntekter:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Renteinntekter	-677 486	-1 000	-1 250	-1 350	-1 350	-1 350
Justering til marknadsrente			-350	-250	-250	-250

Renteinntektene for år 2022 vil overstige årsbudsjettet og for 3.kvartal er inntektene aleine om lag 0,35 mill. Med oppjusteringane av rentenivået i 3. kvartal og ny forventa renteheving i 4. kvartal, vil ein kunna forvente at neste års renteinntekter vert min. 1,6 mill. Det vil seie 0,35 mill høgare enn i gjeldande økonomiplan. Eit svært forsiktig overslag. Dette nivået vert vidareført i planperioden.

Det vert ikkje tilrådd endringar for planåra 2024-2026, sidan det vert forventa at skulen vert realisert og fondsmidlar vert redusert vesentleg.

Utbytte:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Utbytte Eviny (Grunnlag 91,7 mill., sats 0,24%)	-1938 926	-2 200	-2 250	-2 300	-2 350	-2 350
Utbytte SF Holding (Grunnlag 35 mill., sats 1,5%)	-452 439	-525	-500	-500	-500	-500
Justering til effektar av energikrisa						

Det burde vera grunn til å tenkje at utbytte frå kraftselskapa for år 2022, vil verte svært høge. Men større avtalebindingar på sal av kraft fram tid og det foreslåtte skatteopplegget for kraftverksemdene skaper stor usikkerheit om kva som vert driftsresultat og dermed utbytenivået for driftsåret 2022 frå både Eviny og SF Holding. I tillegg har SFE drifta med låge inntekter, sidan ein stor del av verksemda er lokalisert nord for Sognefjorden.

SF Holding har i brev datert i dag orientert Solund kommune om at det ikkje vil verta betalt utbytte til eigarkommunane neste år. Dette kan borge for eit samla tap av utbytteinntekter komande år.

Kommunedirektøren får ikkje høve til å endre framlegg til vedtak, alle økonomiske tabellar og all tekstleg framstilling på så kort varsel.

Det vert tilrådd å justere renteinntekter og utbytte i tråd med detaljane i tabellane ovanfor.

Renteutgifter og avdrag:

Renteutgifter:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Renteutgifter	1423 886	3 500	5 881	7 143	7 174	7 063
Justering til marknadsrente			1 065	349	730	719
Salderingspost - tusenavrunding			11	10	-27	-2
Justert tusenavrunding			-40	8	21	6


Føreslegne endringar i renteutgifter i denne tabellen, er i høve sist reviderte økonomiplan (juni 2022). Då var forventningane i rentemarknaden slik:

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Årets gj.snittsrente	Gjeldande økonomiplan:	Framlegg i ny økonomiplan:	Kommunalbanken:
2022 = ca. 1,5%	2022 = 1,85%	2022 = 2,35%	2022 = 1,93%
	2023 = 2,35%	2023 = 3,35%	2023 = 3,21%
	2024 = 2,60%	2024 = 3,75%	2024 = 3,59%
	2025 = 2,65%	2025 = 3,75%	2025 = 3,54%
		2026 = 3,75%	2026 = 3,43%

I gjeldande økonomiplan er følgende føresetnader lagt til grunn:

- Det vert investert i Ny skule m/bibliotek på om lag 68 mill. med forventa ferdigstilling vinteren 2024 / 2025. Auka finansieringsbehov utover dette, må finansierast ved bruk av disposisjonsfond.
- Det ikkje gjort reduksjonar i tabellen for effekten av grønne rentevilkår.
- Framdriftsplanen for investeringa i Ny skule m/bibliotek. Anleggsperioden er rekna fram til hausten 2024 og rentene på denne investeringa vert ført som byggelån i anleggsperioden.
- Det er ikkje foreslått nye investeringar som aukar opp gjeldande låneramme. Heller ikkje den ekstra nedbetalinga av gamal gjeld med ordinære rentevilkår, som vil skje når skuleinvesteringa vert fullt opplåna på grønne rentevilkår.
- Justering av rentenivået til siste rentemøte i Norges bank og til Kommunalbanken sine siste tilrådde budsjettrenter for planperioden.



- Tabellane under syner Kommunalbanken si tilrådde budsjettrente etter Norges Bank si heving av styringsrenta på 0,25% den 3. november:

ÅR	Norges Bank-anslag hentet fra rentemøte september 2022				Bank margin-påslag på Nibor	Oppdatert 13/10/22	Bank margin-påslag på Nibor	Budsjettert lånerente ved bruk av markedsrenter
	NB anslag styringsrente	NB anslag påslag i pengemarkedet	NB anslag 3 mnd Nibor	FRA Markedet, (NIBOR 3 MND)				
2023	3,15	0,40	3,55	0,60	4,15	3,95	0,6	4,55
2024	3,05	0,40	3,45	0,60	4,05	3,90	0,6	4,50
2025	2,80	0,40	3,20	0,60	3,80	3,75	0,6	4,35
2026	2,60	0,40	3,00	0,60	3,60	3,65	0,6	4,25

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Forventa rentenivå er heile 1,3% høgare enn kva som ligg til grunn i gjeldande økonomiplan for år 2023. Deretter 0,91%, 0,81% og 0,82% for resterande planår, Dette er endringa før den siste tilrådde nedjusteringa på 0,25%.


Utviklinga av rentemarknaden i driftsåret:

Det har vore vesentlege (og interessante) endringar i rentemarknaden sidan budsjettet vart lagt hausten 2021 og etter budsjettrevisjonen for 1. tertial.

Ved revisjonen av budsjettet etter 2. tertial, vart renta justert utfrå Norges bank sitt rentemøte 20. sept.


Følgjande forventningar om framtidig rentenivå, vart presentert i tertialrapporten slik:

Forventninger om renten frem i tid.



Då var rentetoppen forventa på tampen av 2023 til å bli 4,15%. Renta var så forventa å falle høvesvis raskt ned til omlag 3,2% frå og med år 2026.

Marknaden sine forventningar på NIBOR-renta ved utsending av drøftingssaka til denne saka, var slik:



Forventa rentetopp var redusert til vel 3,5%, men den kjem fortsatt på tampen av år 2023. På lengre sikt vert det forventa at renta held seg i spennet mellom 3,3% og 3,5%.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Siste signal som Kommunalbanken har presentert den 14/11 2022 er slik:



Som ein ser av tabellen, så er rentetoppen 3,6% i år 2023, men rentefallet er forventa å bli brattare og går nedomr 3,1% i år 2027.

Dette gjer at Kommunedirektøren tilrår å justere renta ned med 0,25% pr. år sett i høve tilrådingane frå Kommunalbanken den 2/11.

Spørsmålet om binding av renta:

Å binde renta handlar om å spreie risiko, og for å verta mindre sårbar i møte med ei uføreseieleg framtid. Denne sikkerheita medfører meirkostnader som kommunen i så fall må vera viljug til å ta.

Avdrag:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB - 23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Avdrag på lån	6 662 605	6 400	7 108	8 872	9 177	9 389
Endring med endra investeringsplan Nyskule			0	-1 457	0	0

Det vert vist til avsnittet om renteutgifter, der grunnlaget for gjeldande økonomiplan og endringsframlegg er skildra. Tabellen syner at om ferdigstilling av skulen skjer i løpet av år 2024 i staden for år 2023, så vert det ei innsparing på omlag 1,45 mill. i avdrag.

Tabellen føreset at investeringsrammene i gjeldande budsjett og økonomiplan vert haldne.

Kommunedirektøren tilrår berre nokre små endringar i investeringsplanen, og inndekning vert foreslått i ei unytta løyving. Det betyr at både investerings- og låneramma vert i tråd med gjeldande økonomiplan.

Ekstraordinær nedbetaling av gjeld:

Dersom kommunen får høve til å bruke fondsmidlar til å nedbetale dei 3 eldste låna i kommunen sin låneportefølgje (13,5 mill.), slik som opphavleg planlagt, vil dette medføre 1,55 mill. i reduserte finanskostnader.

Kommunedirektøren ynskjer å avvente resultatet av tilbudsprosessen for Ny skule m/bibliotek før ei avgjersle om eit slikt grep vert tatt.

Det vert tilrådd å justere rente- og avdragskostnader i tråd med detaljane i tabellen ovanfor.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Finansielle måltal:

Budsjettvedtaket for kommunen skal inneholde 3 finansielle måltal. Fjorårets vedtak var slik:

Målegruppe	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	5,8 %	-2,3 %	3,2 %	-3,9 %
Netto lånegjeld	150 %	161 %	149 %	157 %
Disposisjonsfond	23,7 %	22,5 %	26,0 %	23,4 %

Det har skjedd, og det skjer vesentlige endringer i kommunen sine økonomiske føresetnader som gjør at disse måltala vil endre seg. Framleis er det mykje uklårt omkring kommunen sitt framtidige gjelds- og fondsnivå. Kommunedirektøren må ta utgangspunkt i siste kjende og offentliggjorte føresetnader ved utarbeiding av måltala for komande år.

Statsforvaltaren har vurdert kommunen sine måltal gjennom sin årlege budsjettkontroll. Her er vurderinga som vart gjort:

Statsforvaltaren sine vurderingar av måltala for år 2022:

Kommunen si lånegjeld er på eit høgt nivå og kjem til å auke vesentleg som følgje av skule-investering. Skuleinvesteringa kan reelt bli høgare enn det førebelse kostnadsoverslaget. Kommunen må unngå å kome i ein situasjon med eit for høgt gjeldsnivå, jamfør også eit påreknna høgare rentenivå i dei komande åra.

Inntektene frå Havbruksfond har lagt til rette for å setje av midlar på disposisjonsfond som driftsreserve. Etter vår vurdering er disposisjonsfondet tilstrekkeleg stort. Etter at dei reelle kostnadene med skuleinvesteringa blir kjende seinare i år, bør kommunen nytte midlar frå disposisjonsfondet til ekstra nedbetaling av lånegjeld. Bruken av disposisjonsfondet til ekstra gjeldsnedbetaling bør likevel ikkje vere større enn kr 20 mill.

I dei åra kommunen får store utbetalingar frå Havbruksfondet, bør ekstraintektene bli nytta til å bygge opp att disposisjonsfondet.

Lånegjelda bør bli trappa ned i dei komande åra, i tillegg den nemnde ekstraordinære gjeldsnedbetalinga. Kommunestyret har i økonomiplanen lagt til grunn at årlege låneopptak blir avgrensa til maksimalt kr 5,0 mill., utanom lån til skuleinvesteringa. Det er viktig at kommunen ikkje tek opp større lån enn dette årleg inntil vidare, slik at lånegjelda gradvis blir redusert i åra framover.

For å ha økonomisk handlefridom i dei komande åra er det viktig å unngå at lånegjelda blir for høg.

Dersom investeringane og finansieringa vert som i gjeldande økonomiplan, så vert utviklinga i lånegjeld og lånegjeld pr. innbyggjar som følgjer:

År	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Gjeld pr. 31/12	-161 875 262	-191 296 188	-191 163 233	-186 985 024	-182 595 534	-178 206 044	-173 816 555	-169 654 565	-165 492 486	-162 453 956
Pr. innbyggjar	-209 955	-248 114	-247 942	-242 523	-236 829	-231 136	-225 443	-220 045	-214 647	-210 706

Som det går fram av tabellen, så vert Statsforvaltaren sine tilrådingane følgt.

Dersom fondstransaksjonar vert gjennomført som i framlagt budsjett og økonomiplan, så vert utviklinga i disposisjonsfonda som følgjer:

Sum disposisjonsfond	31/12-22	31/12-23	31/12-24	31/12-25	31/12-26	31/12-27	31/12-28	31/12-29	31/12-30
	24 574 428	19 774 428	25 974 428	5 674 428	11 374 428	6 574 428	12 274 428	7 474 428	13 174 428

Dei nye finansielle måltala for perioden vert med bakgrunn i desse tabellane slik:

Målegruppe	2022	2023	2024	2025	2026
Netto driftsresultat	7,5 %	-3,3 %	6,1 %	-3,5 %	5,7 %
Netto lånegjeld	119 %	143 %	128 %	139 %	124 %
Disposisjonsfond	17,5 %	14,8 %	17,3 %	4,1 %	7,5 %

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Det er mange faktorar som kan påverka drifta neste år. Det kan vise seg å ligge ei nedside i kva investeringar som trengs for Ny skule m/bibliotek. Og regjeringa sitt skatteopplegg kan gje nokre negative synergjar på framtidige auksjonssal. Men det kan også vise seg at det ligg ei vesentleg oppside knytt til inntektsanslaget frå Havbruksfondet, sidan kommunen har lagt eit forsiktig anslag og basert på selde konsesjonar på nivå med år 2022 og før ein ev. restauksjon skjer.

Avsetnader / bruk av avsetnader:

Kommunestyret skal alltid vurdere sitt avsetnadsnivå, før midlar vert endeleg fordelt til drift. Dette for å ivareta generasjonsprinsippet. Slik er disponible midlar for drifta, etter at investeringsplanen er finansiert opp:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Til fordeling drift - før avsetnader	-84 993 653	-92 250	-80 300	-94 875	-78 925	-91 750

I det vidare er tilrådingar til avsetnader og bruk av slike, lagt opp slik at disposisjonsfondet ikkje skal verta tappa over tid. Det vert heller lagt opp til gradvis å bygge opp ein buffer igjen etter at dei store investeringane i Ny skule m/bibliotek er gjort.

Avsetnader:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Avsetnad inntekter frå auksjonsrundar	8 225 000	10 000		8 000		9 000
Reduksjon effekt auksjonar		-4 500		0		-2 000
Avsetnad mindreforbruk i driftsåret	1878 534					
Avsetnad årleg refusjon Veg Dalesund - Tangenes	200 000	200	200	200	200	200

Grunna regjeringa sitt nye skatteopplegg, avstod dei store havbruksaktørane frå å gje bod i årets auksjonsrunde. Førabels har dette gitt eit estimert inntektstap for Solund kommune på 5,5 mill. Avsetnaden vert foreslått justert ned med 4,5 mill.

Det vil verta lagt fram ei eiga budsjettjusteringssak i desember 2022 for dette tilhøvet.

Frå før har det vore gjort svært forsiktige estimat på kva kommunen vil kunna få utbetalt frå fondet i år 2024 og 2026. Med bakgrunn i auka produksjonsavgift (2,0 mill. pr. år) og den negative effekten skatteopplegget kanskje får på framtidige auksjonsrundar, vert det tilrådd å gjere avsetnader i år 2024 og 2026 på høvesvis 8 og 7 mill. Dette skjer etter at den kraftige veksten i rentekostnadane for kommunen er dekkja opp.

Avsetnaden skal i planen vera tilstrekkeleg for å kunna dekkja opp finansieringsbehovet som oppstår i drifta for år 2025, 2027, ff., når fulle renter (2,5 mill.) og avdrag (1,5 mill.) for skuleinvesteringa skal betalast. Det er von om at rentetrykket avtar noko frå år 2026. I så fall blir det ein positiv buffer. I tillegg kjem avsetnaden til investeringsprosjektet «Bustadutvikling» med 2,5 mill. i år 2024 og 2026.

Bruk av avsetnader:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Bruk til ordinær drift	-4 000 000		-3 500		-5 000	
Justering av bruk i drift			500		1 500	
Bruk til Samfunns-, næringsutvikling og større driftsprosjekt (400)	-2 200 000	-1 800	-2 000	-2 000	-2 000	-1 500

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Grunna auke i produksjonsavgifta, kan og bør ein redusere bruken av disposisjonsfondet dei åra det ikkje er auksjonssal. Ein bruk på 3,5 mill. årleg frå og med år 2025 sikrar at fondet vert smått om senn bygd opp att etter investeringa i Ny skule.

Ekstra bruk i år 2023-2025 er knytt til kommunal eigendel for det store mobil- og breibandsprosjektet (sjå ansvar 800, der utgifta løper.)

Oppsummert:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Netto avsetnader	9 946 655	3 900	-4 800	6 200	-5 300	5 700

Som det går fram av avsnitta ovanfor, så vert det lagt opp til at avsetnadane vert større enn bruken frå og med år 2023. Årsaka til at avsetnaden til fond er liten i år 2022, er at avsetnadane til investeringsprosjekt kjem i tillegg (t.d. Ny kjøp / frys, bustadutvikling m.m.). Sjå neste kapittel.

Tabellen under viser korleis utviklinga vert i disposisjonsfondet, gitt at det vert nytta 15 mill. av fondsmidlar til investeringsprosjektet Ny skule m/Bibliotek:



Med budsjett- og økonomiplansaka, vert det lagt ved ein tabell som syner detaljane i vedtekne og planlagte føringar mot disposisjonsfondet for dei komande 10 åra.

Kommunedirektøren tilrår å justere fondstransaksjonane i tråd med detaljane i tabellen.

Overføring til investeringsbudsjettet:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Overføring til Eigenkapitalinnskott KLP (inv)	330 000	330	330	330	330	330
Overføring til Netto avdrag på utlån (inv)	120 000	120	120	120	120	120
Overføring til investeringsprosjekt		6 250		2 500		2 500
Justering Bustadutvikling						

Overføringa i år 2022 er knytt til Ny kjøp / frys Solundheimen (1,5 mill.), Nytt Idrettshus (1,25 mill.) og Bustadutvikling (3,5 mill.) Summen av desse og avsetnader til fond vert etter dette 10,15 mill. i år 2022. For åra 2024 og 2026 er det berre prioritert overføring av midlar til prosjekt Bustadutvikling. For desse åra vert sum avsetnader etter dette 8,2 mill. og 8,7 mill.

Solund kommune har kanskje ein buffer, om privat byggeaktivitet tek seg opp og einskilde planlagte bustadprosjekt vert realisert av private verksemder. Midlane kan i så tilfelle nyttast til å bygge opp disposisjonsfondet og / eller som eigendel til bygging av flyktningbustader.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Til fordeling drift:

Etter at dei overordna inntektene er lagt inn i planen, og finansutgifter og naudsynnte avsetnader er gjennomført som skildra i det ovanfor nemnde, er det følgjande midlar igjen til fordeling i drifta:

Budsjettskjema 1A	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
TIL FORDELING DRIFT	-74 596 998	-81 650	-84 650	-85 725	-83 775	-83 100

Som utgangspunkt for tildeling av rammer i dagleg drift elles, er følgjande gjort:

- Endringar som vart gjennomført ved 2. tertialjustering år 2022, er med få unntak nullstilt
- Lønsveksten er på 4,2% og prisvekst varierer utfrå ulike fag. Men desse utgiftene vert dekkja fullt ut som eit utgangspunkt. Likeins er det lagt inn nokre få styrkingar på rammene der dette vert naudsynt for at satsingsområda i statsbudsjettet skal verta etterlevd.
- Alle inntekter i drifta, vert forutsatt auka med kommunal deflator (3,7%).
- Rammene i heile planperioden er justert til 2023-kroner
- Endringar som vart gjort i tertial nr. 2 er i utgangspunkt nullstilt ved årsskiftet.
- Nokre få openberre behov i drifta, og nokre av regjeringa sine tydelege satsingar vart lagt inn i drifta, før det administrative arbeidet med å finna dekning vart gjort. Desse er markert med **signalgul farge**.
- Administrative innspel vart presentert i Fskapet sitt ekstra drøftingsmøte til budsjettet. Alle innspel, det vere seg av administrative eller politiske innspel, er lista opp i tabellane som følgjer.
- Det er verd å merke seg at all usikkerheit og det meste av forslag til nye løyvingar, er satt på vent til økonomiplanarbeidet tek til på våren.

For å oppnå balanse i drifta, er følgjande gjort:

1. Det er lagt eit ufordelt kutt på 1,5 mill. for år 2023 på ansvar 803; - ergo det meste av det ufordelte kuttet på 1,0 mill. frå gjeldande økonomiplan på år 2024 er framskunda og auka med 0,5 mill. Dette vert gjort slik i påvente av alle avklaringane som vil kome i løpet av vinteren, knytt til både Skatteopplegget, Havbruksfondet og Ny skule. Ev. konkretisering av reduksjonar i drifta, må arbeidast vidare med i økonomiplanarbeidet til våren.
2. Siste signal frå marknaden om framtidig rentenivå, er 0,25% reduksjon samanlikna med signalet som kom den 3. november. Dette skaper eit handlingsrom på 0,4 mill. pr. år, og som no er nytta til å saldere drifta.
3. «Effektiviseringseffektar i drift» med kr. 225' kvart år er saldert bort. Likeins er bruk av flyktningsstilskot i år 2024 saldert bort med kr. 125'
4. Etter innspelsrundane og drøftingsmøtet, er det berre små justeringar det er funne rom til i drifta. Sjå rader / celler med **signalblå farge** for nærare detaljar om desse.
5. Rader/celler som har fått dempa farge og er utan summar, er ein samde om kan løysast anten internt i eiga drift, i eit tverrsektorielt samarbeid, med eksterne prosjektmidlar, og / eller dette må arbeidast vidare med i økonomiplanprosessen til våren.

Budsjettet er svært stramt, noko dei budsjettansvarlege gjev uttrykk for. Kommunedirektøren meiner likevel det inneheld dei forskriftsmessige krava som vert stilt til eit budsjett.

Det vil seie: Oversiktleg, Fullstendig, Realistisk og i Balanse.

På dei neste sidene følgjer ein Gjennomgang av den daglege drifta, med vekt på endringsframlegg.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

	Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
	Sektor Stab - 100 serien	12 722 082	14 525	15 000	15 050	14 375	14 325
100	Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.	10 600 487	11 150	11 725	11 825	11 825	11 775
120	Fjordane Friluftsråd	150 000	150	150	150	150	150
130	Bustadforvaltning	-50 533	-575	-875	-875	-875	-875
150	Flyktningkoordinator	0	1 450	1 575	1 525	850	850
180	Andre særskilde utg / innt	-27 872	-50	-50	-50	-50	-50
190	Solund Sokneråd	2 050 000	2 400	2 475	2 475	2 475	2 475

Overordna kommentar:

100 serien omfattar Staben med administrasjon, politikk og fellesutgifter (100), bustadforvaltning (130) og flyktningkoordinator (150), i tillegg til ein del overordna inntekter og utgifter (180) og to meir frittstående ansvar i Fjordane Friluftsråd (120) og Solund Sokneråd (190). Serien er samansatt og ulik, og kvart ansvarsområde vert kommentert særskilt under.

Kommentarar til føreslegne budsjetttrammer:

100	Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.
-----	---

Innspel i budsjettprosessen:

Reduksjon lønnskostnad (permisjon / vakanser / refusjon)
Forsikringar (25') / Vestland revisjon (+75')
Prosjekt alternativ til Lisens Eco online (50')
Streaming Fskap og Kstyre?

På ansvar 100 er ein inne i ein periode med store endringar. Etter fleire år med stabilitet er ein i gong med fleire naturlege avgangar i 2022/2023. I tillegg til administrasjonssjefen har også rådgjevar økonomi og fagleiar arkiv starta prosessen med å gå av med pensjon. Avgangane gjer det særskilt viktig med kunnskapsoverføring og der det er mogleg ynskjer kommunedirektøren å få til overlapping av nøkkelpersonell.

Utfordringane med å rekruttere til Helse og omsorg og Oppvekst og kultur gjer også at tilsette på servicekontoret er utlånt til disse sektorane for å avhjelpe med administrative og merkantile oppgåver.

Dei naturlege avgangane, utlån av personell til andre sektorar og ein foreldrepermisjon på ansvaret gjev moglegheit til eit visst økonomisk handlingsrom i 2023, samstundes som det aktualiserar utfordringar knytt til den daglege drifta, ny rekruttering og kunnskapsoverføring. Det økonomiske handlingsrommet kan avhjelpe desse utfordringane men det er meir usikkert kva finansieringsmoglegheiter som ligg i 2024.

År 2023 er også eit valår og det vert noko auka aktivitet innanfor ansvaret i samband med valgjennomføringa. Både i administrasjonen og politisk.

Mange av felleskostnadane i form av forsikringar, lisensar og interkommunale samarbeid har vist seg å vekse med meir enn løns- og prisveksten over tid. Mange av desse kostnadane ligg på ansvar 100 og tek stadig meir av ramma. Administrasjonen ser på alternativ til eit par av dei dyraste lisensane og forsøker å finne løysingar innanfor ramma.

I formannskapsmøte 10. november vart tanken om streaming av politiske møte også lufta. Diskusjonen var på eit overordna og lite konkret nivå og kommunedirektøren har difor ikkje tilrådd å sette av midlar til dette. Samstundes er det eit spørsmål som er aktuelt å sjå nærare på i samband med ny kommunestyreperiode.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Fjordane Friluftsråd

Fjordane Friluftsråd har høg aktivitet og stor grad av ekstern finansiering og som vertskommune drar Solund kommune nytte av mange av dei positive ringverknadane.

Det er ynskjeleg å gå i dialog med Fjordane Friluftsråd om å etablere ein avtale om vedlikehald av friluftsanlegg og bygningar (sjå også ansvar 804).

Bustadforvaltning

Utfordringa med låg utleigegrad er forbi. Det har lenge vore god utleigegrad på dei ordinære bustadane, og etter at Flyktingetenesta kom opp i drift har Solund kunne fylle ledige husvære kjøpt med flyktingar. Alle husvære bygga med støtte frå Husbanken er i dag leiga ut til vanskelegstilte.

Lenge har leigde omsorgsbustader skapt svikt i inntektene på ansvar 130, men per i dag leiger vi ut 6 av 7 leilegheiter for langtidsleige og ein må rekne med at også den siste leilegheita vert utleigd i løpet av 2023.

Flyktingkoordinator

Solund kommune har endå ikkje motteke anmodning om busetjing av flyktingar for 2023, men har vore i dialog med Vestland Fylkeksommune som er trygge på at anmodning kjem. Den største utfordringa vert å finne husvære til flyktingane.

Endringar i situasjonen i Ukraina kan fort også gje endringar i flyktingsituasjonen.

Innspel i budsjettprosessen:

Bruke ressurs også mot anna tenesteyting

Dette vil Kommunedirektøren arbeide vidare med avhengig av kor mange flyktingar som vert busett. Førbeles er det fullt trøkk i tenesta og ikkje rom for å spreie ressursen på andre tenestoområde.

Andre særskilde utg / innt

Innspel i budsjettprosessen:

Prosjekt retaksering av eigedomsskattar (og divergere skattesats?)

Bruk av eigne ressursar / kontormessig framskriving

Det vert lagt opp til kontormessig framskriving av skattetakstane frå år 2014 og arbeidet vil ein forsøke løyse med bruk av eigne ressursar.

Det vert vist til kapittel om «Eigedomsskatt», for spørsmålet om å divergere skattesatsane for eigedomsgruppene «fritidsbustader» og «bustader» i kommunen.

Solund Sokneråd

Innspel i budsjettprosessen:

Auke dagleg leiging - prosjekt festeavgifter

Inntekter prosjekt festeavgifter

Det er meldt inn ynskje om auke av dagleg leiging frå 60% til 80% stilling, m.a. for å kunna hente inn etterslep på innkrevjing av festeavgifter. Kommunedirektøren tilrår at Soknerådet løyser behovet ved å mellombels auke opp ressursen og nytte auka inntekter som finansiering.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

	Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
	Sektor Oppvekst og Kultur - 200 serien	23 532 425	23 775	25 750	25 850	25 750	25 700
200	Solund barnehage	5 366 447	5 325	5 950	5 750	5 750	5 750
210	Solund barne- og ungdomsskule	12 815 587	13 200	14 150	13 850	13 350	13 300
220	Fellesadm.- og utgifter Oppvekst og kultur	2 696 693	2 525	2 725	3 175	3 575	3 575
230	Kultur	318 236	300	325	325	325	325
240	Bibliotek	543 266	575	600	600	600	600
250	Solund kulturskule	784 526	800	925	975	975	975
260	Ungdomsråd og ungdomssatsing (tidl. 100,804)	87 726	150	150	150	150	150
280	Barnevern (tidl. 380)	919 946	900	925	1 025	1 025	1 025

Overordna kommentar:

Det overordna målet for god oppvekst i samfunnsdelen er at: «barnehagen, skulen og kulturskulen i Solund skal vere inkluderande og trygge arenaer der barna trivst, utviklar seg, lærer og har gode kvardagar». Dei siste åra har det samla barne- og elevtalet i kommunen gått noko ned. Dette skuldast at elevtalet i skulen har gått ned. Barnetalet i barnehagen har derimot gått opp, og ein går inn i 2023 med 34 barnehagebarn og 63 elevar. Frå hausten endrar dette seg. Då går heile tolv barnehagebarn over til skulen. Det ligg difor an til at Solund barnehage går frå å drifte med tre avdelingar til to avdelingar frå august. Frå tidlegare år veit ein at det er vanskeleg å spå korleis det samla barne- og elevtalet ser ut ved slutten av året.

Kommunestyret er elles kjend med at ein har ein del utfordringar i oppvekstmiljøet. Det er difor viktig at den økonomiske ramma gjev rom for nok tilsette til å arbeide med desse utfordringane.

Norskopplæringa for vaksne på dagtid held fram med full styrke i 2023, og vert finansiert med statlege tilskotsmidlar. Dersom kommunen tek i mot mange flyktningar det neste året, er det mogleg at ein må vurdere å tilsette ekstra ressursar.

Budsjettet og økonomiplanen legg elles opp til ei gledeleg satsing på kulturskulen, noko som gjer at ein kan tilsette ekstra lærekrefter frå hausten 2023.

Vidare er det svært bra at økonomiplanen legg opp til ei ekstra satsing på spesialpedagogikk frå 2024. Statlege reformer gjer at meir av det daglege spesialpedagogiske arbeidet må løysast i kommunane.

Kommentarar til føreslegne budsjetttrammer:

For både barnehage og skule kom det inn viktige innspel i budsjettprosessen, uavhengig av kva ramme som vart fastsett. Saman har sektoren funne fram til nivået på rammene for å løyse det dei meiner lov og normer har som sine minimumskrav.

Solund barnehage

Innspel i budsjettprosessen:

Bemannings- og pedagognorm (jf. inndekning ansvar 220 og 803)

Kompetanseheving / rekruttering

Ramma vert tilrådd styrka med 0,4 mill. i år 2023 og justert ned igjen med 0,15 mill. i år 2024.

Det er eit mål å klare halde ramma i år 2024 utan tilførsel av midlar frå ansvar 220. Dette fordi tal barn vert redusert monaleg frå hausten 2023.

Solund barne- og ungdomsskule

Innspel i budsjettprosessen:

Gratis SFO - 1. klasse

Dekka innafor ramma

Kompetanseheving / rekruttering

Imøtekoma lønsutvikling til fleire Mastergrader

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Skulen vil prøve klare løysa sine utfordringar innanfor eiga ramme. Men det vil oppstå ei økonomisk utfordring etter kvart som kompetansekrav- og nivå slår inn i vår skule. Veksten og deretter reduksjonen i rammenivå skuldast tilførsel av ekstra ressursar knytt til auka tal elevar med språkutfordringar.

Fellesadm.- og utgifter Oppvekst og kultur

Innspel i budsjettprosessen:

Overført mindreforbruk til ansvar 200 (-150')

Samhandling ressursar skule / barnehage?

Samhandling skule / bibliotek ?

Skulemiljø / inkludering (blir prioritert gjennom ramma)

Overføringa av kr. 150' til ansvar 200, gjeld i første omgang berre for 1 år.

Inspela frå politisk nivå vert tatt med i vidare arbeid med økonomien for sektoren.

Veksten i år 2024 skuldast at ressursen som er tilført skulen frå år 2022, vert vidareført som spesialpedagog frå år 2024 ved ansvar 220.

Kultur

Innspel i budsjettprosessen:

Merkantil ressurs / kultursekretær

Finansiering m/prosjektinntekter SNU / Utviklingsfond?

Det er ynskjeleg å få satt inn eigne ressursar mot Kultur. Det vert arbeidd med å finna løysingar og/eller finansiering saman med sektor for Samfunns- og næringsutvikling.

Barnevern

Innspel i budsjettprosessen:

Barnevern - endra organisering - analyse / forprosjekt / sak

Inndekning på eige ramme

Det er store ressursutfordringar innafor det interkommunale barnevernet. Politisk nivå har ynskje om å få analysert og løfte fram ei sak om framtidig organisering / lokalisering av framtidig barneverntenesta.

	Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
	Sektor Helse og omsorg - 300 serien	26 988 568	27 600	29 125	29 125	29 075	29 075
310	Helsetenester m.m.	5 543 132	5 200	5 900	5 900	5 900	5 900
312	Helsestasjonsteneste / skulehelsehelseteneste	589 698	875	925	925	925	925
313	Psykisk helse og Psykolog	387 700	775	800	800	800	800
314	Rusomsorg og psykiatri	31889	0	-0	-0	-0	-0
370	Pleie- og omsorg	17 029 599	17 000	17 600	17 600	17 550	17 550
371	Avdelingsleiar Solundheimen	395 657	475	500	500	500	500
372	Avdelingsleiar heimebaserte tenester	214 573	250	250	250	250	250
373	Kjøkensjef	390 039	425	450	450	450	450
375	Kommunal reinhaldsavdeling (tidl.100,200,210,220,410)	2 406 301	2 600	2 700	2 700	2 700	2 700

Overordna kommentar:

Dei største utfordringane i Helse og omsorg er knytt til rekruttering. Enkelte legevikarar Solund kommune har vore i kontakt med krev nesten det dobbelt for kontortid pr. veke enn det vi har hatt som sats tidligare, og gjennom media høyrer ein om endå større krav. I år får vi rekrutteringstilskot til legar, men det er uvisst om det vert forlenga inn i 2023.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Når det gjeld sjukepleiarar nyttar vi vikarbyrå. Rekruttering via av dei har vist seg å ikkje gje permanente tilsetjingar med positive ringverknader som kanskje både familiar og bindingstid. Kostnaden er også stor og kvart årsverk kostar omtrent 2,5 gong meir enn ein ordinært tilsett. Vi vonar at ein i slutten av 1. tertial kan få på plass meir varige løysingar.

Det er også vanskeleg å rekruttere helsefagarbeidarar, assistentar og reinhaldarar. Vi forsøker her å auke stillingsprosentar til personar vi har tilsett og gjere vikariat faste i størst mogeleg grad.

Det har også vore ei utfordring å finne bustader til nyttilsette og ein ynskjer seg øyremerka bustader for tilsette i Helse og omsorg.

Det har vore eit år som starta med pandemi, det er framleis nokre korona tilfeller og det er varsla nye korona- og influensa utbrudd no til hausten og vinteren. Det konstante arbeidet med smittevern og eigen sjukdom tærer på tilsette i Helse og omsorg. Frå august og utover har det vore svært lite personale og mange er slitne.

Det har også vore eit år med eit minimum av kompetanseheving grunna usikkerheit rundt dei økonomiske rammene og koronakompensasjon. For å kome i land på ei usikker ramme har ikkje kompetanseheving vore prioritert i 2022. Ramme er difor tilrådd styrka med 50' til kompetanseheving.

Ein utfordring i 2023 er å finne drifta i eit normalår. Etter 3 år med koronakompensasjon skal drifta etter alt å døme finansierast under meir normale førsetnader i 2023.

Fleire tilsette har slutta i 2022. Nokre har reist grunna svært godt tilbud frå andre kommune, og andre fordi dei ønsker seg større forhold. Det er kamp om sjukepleiarane no og dei får gode betingelsar same kvar dei ønsker å jobbe.

I tillegg til arbeidet med å rekruttere nye vert det i 2023 viktig å vise dei tilsette i Solund kommune at ein sett pris på jobben dei gjer.

Kommentarar til føreslegne budsjetttrammer:

Helsetenester m.m.

Innspel i budsjettprosessen:

Auka kostnader lækjartenesta

Fullverdig tenestetibod er eit mål og som følgje av ein ekstrem legemangel i heile Noreg, skyt kostnadane i vêret også for Solund. Det er trong for å tilføre ramma 0,5 mill. for å kunna oppretthalda lækjartenesta 24t. 7 d. i 52 v. Dette sjølv om Solund har klart å unngå dei dyraste vikarlegane.

Pleie- og omsorg

Innspel i budsjettprosessen:

Kompetanseheving og rekruttering (m.a. ergoterapi)

Bruk av vikarbyrå

Førebels ambisjon - inndekning på eiga ramme

Videreføre aktivitørstilling

Finansiering via prosjektmidlar / Frivilligsentralen ?

Auka bruk av velferdsteknologi

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Pleie og omsorg har ei stor utfordring med å rekruttere sjukepleiarar og har måtta ty til vikarbyrå på tampen av år 2022. Det er ein ambisjon å klare rekruttere fagpersonellet som trengs i år 2023. Frivilligsentralen vil søkje om tilskot til å få vidareført aktivtørstillinga i år 2023. (sjå kommentar under ansvar 420).

Det vert tilrådd å styrka ramma med kr. 50' til kompetanseheving i 2 år.

Innspela frå politisk nivå vert tatt med i det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplanar.

Kommunal reinhaldsavdeling (tidl.100,200,210,220,410)

Innspel i budsjettprosessen:

Auka kostnader reinhald

Finansiering?

Grepet med å samle reinhaldsressursane i kommunen vart gjort i ein periode med auke behov for reinhald. Også her må ein finne drift og finansiering for eit normalår. Det er også ei utfordring å rekruttere kvalifiserte tilsette til utlyste stillingar.

	Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
	Sektor Samfunns- og næringsutvikling - 400 serien	4 618 475	5 000	5 600	5 675	5 625	5 625
400	Samfunns- og næringsutvikling (tidl. 110)	2 663 389	2 800	3 375	3 575	3 525	3 525
420	Leiar frivilligsentral	309 736	400	475	475	475	475
430	Gjenbruket	335 640	425	350	350	350	350
440	Folkehelsekoordinator (tidl. 140)	279 931	475	500	500	500	500
450	Flyktningkoordinator (går ut)	47 001	0	0	0	0	0
480	NAV Solund (tidl. 300)	1002 799	900	900	775	775	775

Overordna kommentar:

Sektor for samfunns- og næringsutvikling vil i 2023 gjennomføre fleire planprosessar med tilhøyrande medverknad frå Solund-samfunnet: Ro- og padleruter, friluftslivets ferdselsårer, handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kulturmiljø, klima og naturmangfald, tiltak i bygdene våre, og prinsippavklaringar for vegar, flytebyggjer og parkering, samt vegløyning for Nord-Solund. I 2023 skal kunnskapsgrunnlaget til samfunnsdelen oppdaterast, og arbeidet med eventuell revidering av samfunnsdelen skal starta opp. Ein stor del av dette er finansiert av prosjektmidlar.

Sektoren vil i 2023 prioritera å utarbeida kunnskapsgrunnlag og førebu avklaringar for ekspressbåtstopp på Hardbakke høgt, og arbeide med behovskartleggingar for kva tilrettelegging for næringsliv kommunen bør prioritera. Hovudfokus er tilrettelegging i sjørelaterte næringer, og behov for næringsareal nær kommunesenteret. Ringverknader av brubygginga er også prioritert. Dette er delfinansiert av prosjektmidlar.

Sektoren vil prioritere langsiktig arbeid med marknadsføring og omdømmebygging av Solund-samfunnet for å både auke talet på søkjarar til stillingar, og for å auke tilflyttinga. Vi må kjøpe profesjonell hjelp, og samstundes styrke kompetansen i kommunen på kommunikasjon. Dette er delfinansiert av prosjektmidlar frå Fylkeskommunen.

Den siste hovudsatsinga er ungdom, og unge sin oppvekst i Solund. Ungdomskoordinator skal saman med unge skapa møteplassar og aktivitetar på fritida som styrker meistring og tilknytning. Dette er finansiert av prosjektmidlar 2022-25.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Frivilligsentralen og Gjenbruket skal halde fram den viktige jobben som koordinator, tilretteleggar og møteplass. Ytre Solund Fleirbrukshus vert etablert som ny møteplass og lokale på tvers av sektorar og alder. Desse møteplassane legg tilrette for gode bukvalitetar.

Sektoren arbeider systematisk med eksterne tilskot, og i 2023 vil ungdomsarbeid, delar av planarbeidet og store delar av næringsutvikling og synleggjering vere finansiert av eksterne tilskot.

Kommentarar til føreslegne budsjetttrammer:

Samfunns- og næringsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling er eit av dei største satsingsområda i kommunen. Satsinga er meint å skulla gje positive overrisslingseffektar for anna drift. Det vert forsøkt å kople saman satsingar ved denne sektoren med ulike innspel frå anna kommunal drift.

Innspel i budsjettprosessen:

Tannhelsetenesta (kommunal eigendel overnatting 36')

Innovasjonshus - leige? - Eiga sak

Det vert sett av stønad til reise og opphald for fylkestannlegen. Tidlegare vedteke forprosjekt innovasjonshus skal gjennomførast i 2023, det er behov for oppgraderingar i kontora på Hardbakke senter, og det er foreslått å budsjettere med faste utgifter til leige av kontorfellesskap frå 2025.

Leiar frivilligsentral

Innspel i budsjettprosessen:

Videreføre aktivtørstilling

Finansiering via prosjektmidlar / Frivilligsentralen ?

Frivilligsentralen vil søkje om tilskot til å få vidareført aktivtørstillinga i år 2023. For å sikre finansiering av den viktige aktivtør-stillinga (50%) er det foreslått overført ubrukte lønsmidlar frå 2022 til år 2023.

NAV Solund

Innspel i budsjettprosessen:

Partnerskapsavtale NAV Vestland / endra drift og organisering

Dette innspelet handlar i stor grad om framtidig drift av eit NAV-kontor i Solund og tilhøvet mellom statleg og kommunal drift.

NAV har behov for noko auka investeringar til ombygging av kontora (tryggleikstiltak). Det er sett av midlar til dette føremålet i investeringsbudsjettet.

Folkehelsearbeid

Innspel i budsjettprosessen:

Samfunnsutvikling for ungdom (3,8 mill.)

Tillegg andre utgifter (0,88 mill.)

Fylkeskommunalt tilskot (4,48 mill.)

Det er løyvd 4,48 mill. til eit folkehelseprogra som varer fram til medio 2025. Det er tilsett ein «Samfunnsutviklar for ungdom» og andre kostnader følgjer med satsinga. Det er ikkje krav om kommunale eigendel i dette programmet.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Budsjettskjema 1B		R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
	Sektor Plan og tekniske tenester - 600 serien	9 101 692	8 375	9 074	9 074	8 974	8 974
600	Tekniske- og sjølvkosttenester	2 146 495	2 275	2 425	2 425	2 425	2 425
610	Byggesak, plan, landbruk, m.m.	1579 022	950	1 050	1 050	1 050	1 050
620	Bygg og anlegg	5 345 111	5 100	5 550	5 550	5 450	5 450
630	Vaktmeister	31064	50	50	50	50	50

Overordna kommentar:

Plan og tekniske tenester har gjennomført store oppgraderingar av kommunale bygg og anlegg dei siste åra. I det arbeidet som er gjort og vidare framover er viktige målsetjingar:

- Ta omsyn til berekraftige og klimavenlege løysingar i offentlege innkjøp
- Utvikle klimasmarte og energieffektive løysingar innan bygg, driftsmidlar og kommunal tenesteyting ved å aktivt nytte støtteordningar
- Ivareta og vidareutvikle den gode standarden på kommunaltekniske anlegg, og drive aktivt helse-, miljø- og tryggleiksarbeid og energiøkonomisering.

Plan og teknisk tenester erfarer elles at klimaendringane vert eit større utfordring for kvart år. Dette ser vi på råvasskvaliteten i vassforsyninga, hendingar på avlaupsnett, auka trong for utbetring av vegnettet og ikkje minst oftare ekstremvêr som krev betre beredskap. Landbruket får oftare avlingsskader og inntekstgrunnlaget til næringslivet elles vert påverka.

I budsjettframlegget tek vi omsyn til desse utfordringane så langt ramma tillet, for å gjere samfunnet her attraktivt og best mogeleg rusta.

Kommentarar til foreslegne budsjetttrammer:

Tekniske- og sjølvkosttenester

Innspel i budsjettprosessen:

Kompetanseheving brann og beredskap

Styrking brann og beredskap (jf. Beredskapsanalyse investering)

Renovasjonsordning til øyane

Innspela her handlar om kva nivå ein må og ynskjer brann og beredskapstenesta i Solund i framtida. For å kunna vurdere dette, ynskjer kommunedirektøren å få framlagt ei beredskapsanalyse for å fastslå kva tjenestenivå brann- og beredskapsarbeidet skal ligge på i kommunen, samt fordelinga mellom kommunale og eksterne ressurser. (sjå tilråding om løyving på investering til føremålet). Når konklusjonane føreligg; - vonleg i sept/okt, vil Kommunedirektøren fremja ei eiga sak om framtidig organisering av brann og beredskapstenesta i kommunen.

Enn så lenge må ein halde fram med opplæringsprogrammet som er påbegynt og det vert tilrådd å styrka rammeområdet med 0,1 mill til slik kompetanseheving.

Dagens renovasjonsordning for øyane gjeld fram til 31/12 2022. Ny løysing, som stettar forskriftskrava som gjeld, må finnast og finansierast. Dette vil Kommunedirektøren koma attende til når ei ny løysing kan presenterast.

Byggesak, plan, landbruk, m.m.

Innspel i budsjettprosessen:

Auka kostnader arealplanar Norkart (62')

Kostnadane med Norkart sine dataprogram har auka vesentleg meir enn prisveksten. Ramma vert tilrådd styrka med kr. 50' for å dekkja denne meirveksten.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Bygg og anlegg

Innspel i budsjettprosessen:

Følgje skuleåret - ope basseng (50' år.mnd.)

Forsikringar (50') - samle på ein plass

Styrke vedlikehaldsressurs (jf. Beredskapsanalyse inv.)

Det er kome innspel frå m.a. eldrerådet om å ha heilårsope basseng. Det er laga eit kostnadsoverslag som syner ein meirkostnad på kr. 50' pr. ekstra månad bassenget er i drift. Bassenget har godt av å verta tømt og stå tørt i nokre månader pr. år. Heilårsope er difor uaktuelt. Kommunedirektøren sjår på ei utviding av opningstida med inntil 3 mnd.

Forsikringskostnadane har auka meir enn prisveksten og må dekkast opp med ei løyving på kr. 50' ved dette ansvarsområdet. Ein kjem tilbake til korleis ein kan samle alle postane på forsikringar på ein stad i drifta.

Spørsmålet om auka vedlikehaldsressurs vil ein koma attende til etter at Beredskapsanalysen er presentert og Kommunestyret har vedteke kva nivå kommunen skal ha på si framtidige brann- og beredskapsteneste.

Budsjettskjema 1B		R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Sektor Kommunedirektør 799 + 800-serien		4 600 053	2 375	100	950	-25	-600
799	Pensjonsoppgjær og premieavvik	-1432 090	0	0	0	0	0
800	Tilleggsøyvingar - Kommunestyre	1571216	450	500	800	500	0
801	Tilleggsøyvingar - Formannskap	312 860	100	200	200	200	200
802	Tilleggsøyvingar - Ordførar	33 174	50	50	50	50	50
803	Tilleggsøyvingar - Kommunedirektøren	734 617	1 050	-1 150	-600	-1 275	-1 350
804	Tilleggsøyvingar - Samfunns- og næringsutvikling	0	600	500	500	500	500
805	Tilleggsøyvingar - Koronapandemi	3 380 276	125	0	0	0	0

Pensjonsoppgjær og premieavvik

Dette ansvarsområde representerer vonleg ein buffer for den kommunale drifta. Dette fordi pensjonskostnadane vert lagt inn med ein margin i høve KLP sine anslag, og fordi det har synt seg at resultatet dei siste åra har vore betre enn desse anslaga. Det er umogleg å seie kor stor denne bufferen er, før eit førebels oppgjær for årets pensjons- og premieavvik vert gjort kjent i oktober kvart år.

Tilleggsøyvingar

Løyvingane ved desse ansvarsområda representerer også nokre økonomiske bufferar. Løyvingane skal i utgangspunktet ikkje vera knytt til den jamne drifta, men til prosjektretta satsingar og / eller til dekning for uføreseielege kostnader som kjem til i driftsåret.

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Tilleggsøyvingar - Kommunestyre	1571216	450	500	800	500	0
Rest til fri disposisjon		100	100	100	100	100
Overført til Fskapet sin disp.			-100	-100	-100	-100
Marine grunnkart		350				
Eigendel ny breibandsatsing (tilskot 5,74 mill.)			500	500	500	
Auka eigendel breibandsatsing				300		

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Ansvarsområde inneheld siste års løyving til prosjekt «Marine grunnkart». Likeins er matchingsmidlar til den store mobil- og breibandsatsinga i perioden 2023-2025 plassert her. Det er inneldt eit behov på 0,3 mill. for å få fullfinansiert prosjektet. Det vert løyvd over 6,0 mill. i statlege / fylkeskommunale midlar til føremålet. Kommunedirektøren meiner såleis at dette er ei satsing som kommunen er nøydd å vera med på og tilrår å auka løyvinga med 0,3 mill. til føremålet.

Kommunestyret treng ikkje ein generell tilleggsøyvingspost. Disposisjonsfondet er Kstyret si tilleggsøyving. Løyvinga på 0,1 mill. pr. år, vert difor tilrådd overført til Fskapet sin disposisjon. Om de viser seg at disposisjonsfondet går tomt i framtida, er det viktig å legge tilbake midlar her.

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Tilleggsøyvingar - Formannskap	312 860	100	200	200	200	200
Rest til fri disposisjon		100	100	100	100	100
Overført frå Kstyret sin disp.			100	100	100	100

Også her står det berre 0,1 mill. til fri disposisjon. Det vert tilrådd å overføre Kstyret si løyving til Fskapet sin disposisjon. Jf. argumentasjonen i førre avsnitt slik at det blir 0,2 mill. til disp.

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Tilleggsøyvingar - Ordførar	33 174	50	50	50	50	50
Rest til fri disposisjon			50	50	50	50

Her er det ikkje gjort endringar og det står framleis kr. 50' pr. år til fri disposisjon pr. år

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Tilleggsøyvingar - Kommunedirektøren	734 617	1 050	-1 150	-600	-1 275	-1 350
Rest til fri disposisjon		400				
Saldering budsjett 2022		-400				
Til Personaltiltak		100	100	100	100	100
Eigendelar OU-prosessar		100				
Til Arbeidsmiljøtiltak (sjå også investering)		50	50	50	50	50
Beredskapsarbeid		50	50	50	50	50
Til Lærlingar / Trainée		250	250	250	250	250
Overføring lærling til barnehage / skule			-150			
Auke trainée						
Kompetanseheving		200	200	200	200	200
Til Brann og beredskap og ergoterapi			-150			
Integreringsarbeid		300		250	75	-125
Saldering år 2026						125
Effektiviseringseffektar i drift			-225	-225	-225	-225
Saldering			225	225	225	225
I påvente av Havbruksfond og Ny skule				-1 000	-2 000	-2 000
Saldering mot drift			-1 500	-500		

Det vert tilrådd å nytte dette ansvarsområde til mellombels å saldere budsjettet i påvente av ei endeleg avgjersle på Skatteopplegg, Havbruksfond, Ny skule m/bibliotek og Utbyte frå kraftselskapa. Det vert samstundes rydda i tidlegare salderingar, slik at ein står samla igjen med et inndekningbehov på høvesvis 1,15 mill, 0,6 mill. 1,275 mill. og 1,35 mill. for planåra 2023-2026.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Det er all grunn til å tenkje seg at kommunen har lagt eit pessimistisk anslag for inntektene frå det statlege havbruksfondet for planperioden, men kommunedirektøren vil likevel vera forsiktig med å nytte dei andre tilleggsøyvingane (t.d. kompetanseheving og lærling / trainée) inntil alt det uavklarte er avklart.

I første halvår 2023 vil løyvinga til lærling / trainée verta prioritert mot lærlingar. Det har i fleire år vore ynskje om å få på plass ei trainée stilling. Korleis ein skal disponere denne løyvinga, vil kommunedirektøren koma tilbake til i økonomiplanprosessen til våren.

Det er verd å merke seg at Solund kommune også har ein buffer ved flyktingtenesta, i og med at ikkje alt integreringstilskotet er nytta direkte i drifta, men er plassert som tilleggsøyvingar

Det er eit generelt behov for rekruttering og kompetanseheving i drifta. Delar av løyvinga til kompetanseheving vert i år 2023 prioritert mot opplæring innan brann og beredskap og Helse og omsorg. Resten av løyvinga og komande års løyvingar, vert ståande unytta inntil ein har skaffa ein oversikt over kor behova i organisasjonen er sterkast.

Dersom det ikkje skulle koma meirinntekter utover budsjettet i løpet av vinteren, vil Kommunedirektøren måtta iverksetje ein nedskjeringsprosess i drifta, som sikrar budsjettbalanse i planperioden.

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Tilleggsøyvingar - Samfunns- og næringsutvikling	0	600	500	500	500	500
Frå tilleggsøyvingar ansvar 803 - Sommarjobbar 13-17 år			200	200	200	200
Frå tilleggsøyvingar ansvar 801 - Heilårsbasert reiseliv			100	100	100	100
Frå tilleggsøyvingar ansvar 801 - Strategisk handlingsplan			100	100	100	100
Frå tilleggsøyvingar ansvar 800 - Fri disposisjon			100	100	100	100

Dette er eit ansvarsområde som samlar utviklingsorienterte løyvingar og tidsavgrensa prosjektsatsingar på ein stad. Desse løyvingane vert disponert av Kommunedirektøren. Det betyr at tiltak kan iverksetjast raskt, utan vidare politisk involvering.

Felles for tiltaka som er nemnt ovanfor, er at dei er finansiert gjennom bruk av disposisjonsfond.

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	OB - 23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Til Synleggjering og tilrettelegging næringsutvikling (1,8 mill.)			600	600	600	
Tilskot til næringsutvikling (-0,9 mil.)			-300	-300	-300	
Matchingsmidlar frå Utviklingsfondet (-0,9 mill.)			-300	-300	-300	

Det er løyvd 0,9 mill. fylkeskommunale midlar til ei stor satsing knytt til samfunnsplanen sine satsingsområde synleggjering og næringsutvikling. Det er stilt krav om at kommunen matchar dette tilskotet med tilsvarande kommunal eigendel. Utviklingsfondet vil verta nytta, sidan hovudkriterie for bruk av dette fondet, er at dei vert nytta som kommunale matdhingsmidlar.

Gjennom budsjettprosessen og i drøftingsmøtet, har det kome fleire gode innspel og kanskje nokre av desse kan finansierast gjennom ovanfor nemnde tilskot. Her kan nemnast:

Prosjekt geolokasjonar 2023-2025 (100' pr. år)
Kultur / Lysfestival (150' pr. år)
Samarbeidsavtale m/Fjordane Friluftsråd (125')
Auka turar med Utvær-ruta
Tiltak mot sosial ulikskap frå 2025
Finansiering med Utviklingsfond

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

- Det er planlagt 3 Geolokasjonar i Solund i samband med utvikling av Fjordkystparken og episenteret der. Episenteret i Solund er 3-delt der Taklebu, utkiksplassen ved Leilegheitshotellet og Hardbakke Senter skal fokusere på kvar sine Solund tema og som også skal peike på kommunen sine Geolokalitetar. Desse 3 er så langt definert til Hersvik, Ytrøygrend og Pollatind. Parken, episenteret og geolokalitetane er under utvikling og vil etter kvart representerer ei viktig merkevarer for Solund.
- Lysfestivalen er etter kvart forankra i lokalsamfunnet som ein folkeleg og positiv festival og festivalen er blitt ei merkevarer. Det er ambisjonar om å utvikle denne til ein endå meir nasjonal / internasjonal festival. Den solundske kystkulturen vert på same tid løfta fram som ein sentral ingrediens i festivalen.
Solund kommune bør bidra med ressursar og tilskot for å få til dette løftet saman.
- Vedlikehald av friluftrelaterte anlegg og bygningar er ofte ei utfordring. Ved å engasjere Fjordane Friluftsråd til å ivareta vedlikehald av t.d. turstiar, Kystleden, Sognesjøhytta, m.fl., kan friviljug innsats i tillegg verta utløyst
- Det er eit mål å oppretthalde flest moglege avgangar for Utvær-ruta i løpet av året. Men det er ikkje berre tal avgangar som tel, det handlar også om å kunne treffe på avgangane når behovet er størst og når vêr og vind spelar på lag.

Budsjettskjema 1B	R - 21	RB - 22	OB -23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Tilleggsføringar - Koronapandemi	3 380 276	125	0	0	0	0
Kompensert gjennom skjønstilskot SB-22		129				
Tilleggsproposisjon nov/des 2022		0				
Tusenavrunding		-4				

I november / desember kjem regjeringa med ein tilleggsproposisjon for inndekning av Korona-utgifter i år 2022. Det er ikkje lagt opp til tilleggsføringar knytt til Korona-pandemien i komande planperiode. Det er heller ikkje lagt opp til dette i det framlagde statsbudsjettet. Det er grunn til å tenkje at år 2022 var siste år med behov for dette ansvarsområde.

Sum alle ansvarsområde - Fordelt i drift

Etter dette er alle midlane fordelt i drift pr. sektor slik:

Budsjettskjema 1A og 1B (til fordeling drift)	R - 21	RB - 22	ØP-23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
Sektor Stab - 100 serien	12 722 082	14 525	15 000	15 050	14 375	14 325
Sektor Oppvekst og Kultur - 200 serien	23 532 425	23 775	25 750	25 850	25 750	25 700
Sektor Helse og omsorg - 300 serien	26 988 568	27 600	29 125	29 125	29 075	29 075
Sektor Samfunns- og næringsutvikling - 400 serien	4 618 475	5 000	5 600	5 675	5 625	5 625
Sektor Plan og tekniske tenester - 600 serien	9 101 692	8 375	9 074	9 074	8 974	8 974
Sektor Kommunedirektør 799 + 800-serien	4 600 053	2 375	100	950	-25	-600
Til fordeling skjema 1A	74 596 998	81 650	84 650	85 725	83 775	83 100

Det går tydeleg fram av denne tabellen, at driftsnivået vert redusert frå år 2023 til år 2026.

Investeringar

Innleiing:

Då budsjettet for år 2022 vart lagt hausten 2021, vart alle løyvingar grundig gjennomgått, lånerammene for planperioden vart oppjustert og tilpassa den nye organisasjonsstrukturen. Investeringsplanen vart også avstemt mot vedlikehaldsplanen. Prioriteringar og mål som er fastsett i den nye samfunnsplanen, vart i større grad enn tidlegare nytta som rettesnor i arbeidet med investeringsplanen.

Det vart ikkje gjort endringar i vedtatt låneramme i dei 2 tertialjusteringane som følgde i driftsåret. Og i økonomiplanarbeidet våren 2022 vart vedtekne lånerammer for perioden 2023-2025 stadfesta.

Hovudprioriteten prosjekt Ny skule m/bibliotek har i alle dei siste års økonomiprosessar vore eit sentralt tema og resten av investeringsplanen har vore styrt av at investeringsnivået for skulen har vore uavklara.

Våren 2022 vart det presentert 3 ulike investerings- og finansieringsalternativ for realisering av prosjekt Ny skule m/Bibliotek. I denne nye planprosessen vert alternativ 1 nytta som grunnlag. Det vil seie at ekstraordinær nedbetaling av gjeld kan verte vanskeleg å få til som planlagt, sidan forventningane om inntekter frå det statlege havbruksfondet må nedskaleras. Også eit veksande rentenivå skapar utfordringar, noko som gjer at investeringsnivået må haldast nede i åra som kjem.

Dette gjer at Kommunedirektøren ikkje ynskjer auka opp gjeldande lånerammer for planperioden.

Gjennom alle dei nemnde milepælane i driftsåret, har Kstyret stadfesta kva som skal vera kommunen si låneramme for planperioden. Statsforvaltaren gav i juni 2022 si vurdering / tilråding gjennom sin kontroll av Budsjett 2022:

Oppsummering:

Kommunen si lånegjeld er på eit høgt nivå og kjem til å auke vesentleg som følge av skule-investering. Kommunen må unngå å kome i ein situasjon med eit for høgt gjeldsnivå, jamfør også eit pårekna høgare rentenivå i dei komande åra.

Etter at dei reelle kostnadene med skuleinvesteringa er kjende seinare i år, bør kommunen nytte midlar frå disposisjonsfondet til ekstra nedbetaling av lånegjeld. Dessutan bør årlege låneopptak, utanom lån til investeringa i skule, vere lågare enn dei årlege ordinære avdraga slik at lånegjelda blir gradvis redusert i åra framover.

For å ha økonomisk handlefridom i dei komande åra er det viktig å unngå at lånegjelda blir for høge lånerammer.

Tilrådinga frå SFV er i tråd med korleis både gjeldande økonomiplan og den nye planen er lagt opp. Planlagte betalte avdrag i år 2025 og 2026 er på vel 9 mill. Så langt er planlagt låneopptak for desse åra på høvesvis 7 og 5 mill. og dermed er dette ei strengare praktisering enn tilrådinga frå SFV. Dette skuldast at låneramma for år 2023 er på 15 mill. og at investeringsnivået for Ny skule m/bibliotek endå ikkje er kjent.

Kommentarar til investeringsbudsjettet

Det vert vist til vedlegget nedst i dette dokumentet, som syner nivået på sektorvise investeringar og dei grupperte investeringspostane som føgjer av tabellen. I planen som ligg føre er det berre lagt opp til nokre små justeringar i høve gjeldande økonomiplan, og desse er alle planlagt gjennomført i år 2023. Samla investerings- og låneramme frå gjeldande økonomiplan vert såleis ikkje påverka.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Desse endringsforslaga er som følger:

Investeringsprosjekt	Rest 2021	RB - 22	OB - 23
Inventar og utstyr BUA			100 000
Moglegheitsstudie / planlegging framtidig Kommunehus			50 000
Mobile golvplater til underlag arrangement			50 000
Nytt låssystem basseng			50 000
Nytt høgdebasseng Hardbakke - forprosjekt			50 000
Beredskapsanalyse			100 000
Bustadfelt Ytrøygrend (2014)		400 000	-400 000

Inventar og utstyr BUA:

BUA har vore ein suksess. Mange leiger ulikt utstyr derifrå. Det er trong for å oppgradere og kjøpe inn nytt utstyr ved denne tenesta.

Moglegheitsanalyse / planlegging framtidig kommunehus:

I økonomiplanen er det lagt opp til å gjere vesentlege utbetringa på Kommunehuset / gml. Bankbygg. Kommunedirektøren ynskjer ein moglegheitsstudie for desse bygga, før ein tek i ferde med nye utbetringar på desse bygningane.

Mobile golvplater til underlag arrangement:

Idrettsbygget vert ofte nytta til større arrangement der scene, stolar og anna utstyr vert plassert på sportsdekket. Det er trong for å kjøpe inn beskyttande golvplater som lett kan nyttast som underlag under arrangement.

Nytt låssystem basseng:

I samband med at ein ynskjer å utvide sesongen for bruk av bassenget, er det kome ynskje om å kunna få på plass eit kortbasert låssystem. Det kan då, om mogleg, verta aktuelt å bruke bassenget friare enn i dag, utaonom ordinære opningstider, slik som ein t.d. praktiserer det i Modalen kommune.

Nytt høgdebasseng – forprosjekt:

Under bustadutviklingsprosessen det siste året har det kome fram begrensningar for kor mange bueiningar ein kan ha i kvar bygning. Årsaka er for lite vatn og dette påverkar sløkkekapasiteten. Det finst heller ikkje ei alternativ drikkevasskjelde i tilknytning til sentrum.

Det vert tilrådd å gjennomføre eit forprosjekt på å få etablert ei alternativ drikkevasskjelde i tilknytning til sentrum.

Beredskapsanalyse:

Dagens branndimensjoneringsforskrift skaper utfordringar og krev meir ressursar og kompetanse retta mot brann og beredskap. Det er eit spørsmål om kor skal grensa gå på ressursbruk og tenestenivå? Kor mykje kan ein samarbeide interkommunalt? Kva med kompetansenivået, Etc. etc.

Kommunedirektøren tilrår å framskaffe ei Beredskapsanalyse som tek føre seg denne tenesta og skisserer kva Solund må / skal, bør og kan ha på plass i brann- og beredskapssamanheng.

Byggefelt Ytrøygrend:

Reguleringsplanen i Ytrøygrend er frå 2012 og er endå ikkje realisert. Kommunedirektøren reknar ikkje med at reguleringsplanen vert realisert neste år.

I tillegg er det kome ein del nye viktige innspel som så langt ikkje er direkte omsyntatt i planen med eiga løyvinga. Desse er som følger (markert med lys signalgul farge):

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Investeringsprosjekt	Rest 26/10	ØB - 23	ØP - 24	ØP - 25	ØP - 26
Inventar og utstyr skule	215 846	150 000	350 000	200 000	200 000
Tørkeskap skule (Miljøretta helsevern - ventilasjon)					
Velferdsteknologi	166 222	200 000	200 000	200 000	200 000
Inventar og utstyr helse- og omsorg		300 000	250 000	250 000	250 000
Digi Helsestasjon					
Reguleringsplan Hardbakke hamn / sentrum	500 000				
Reguleringsplan Valen / Langhaugen	500 000				
Bustadplan (t.d. Hardbakke, Eide, Hjørnevåg, m.fl.)					
Utvikling Næringsareal	250 000				
Utvikling næringsareal (1.000')					
Oppgradering kommunale vegar		1 250 000	1 950 000	250 000	250 000
Asfaltering Klubben og veg til Nytt idretts hus	202 950				
Asfaltering Vaulen og Møteplassar Vaulen					
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	50 000				
Trafikktryggingstiltak - bruk av lån	415 547	250 000	250 000	250 000	250 000
Trafikksikring Solneset - Trygg skuleveg					
Trafikktryggingstiltak - tilskot	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000
Bustadfelt Klubben (lån)	0				
Båthamn Klubben - klargjere sjøtomtar for sal (500')					
Finansiering ved sal av tomtar					
Kjøp av grunneigedomar (200')					
Finansiering Sal av tomtar					
Forprosjekt innovasjonshus (300') - jf. eiga sak					
Maling Solund Treningscenter (300') - jf. Drift - Sommarjobbar					
Planlegging felleslager - skulemusikk m.fl.	100 000				
Kopling mot Nyskule og prøve erstatte planlagt Brakkerigg					
Inv.tilskot Solund Sokneråd	0	100 000	100 000	100 000	100 000
Gjerde rundt gravplass Straumen og nye kyrkjespjir					

Mange av desse innspela kan løysast ved bruk av tilknytte løyvingar, ved kopling mot eksisterande tilskotsordningar, ved sal av tomtar og / eller om mogleg ved andre kreative løysingar.

Det som ikkje let seg løysa, vil verta arbeidd vidare med i økonomiplanprosessen til våren. Då er investeringsnivået for prosjekt Ny skule m/bibliotek truleg gjort kjent.

Prosjekta «**Tørkeskap skule (Miljøretta helsevern – ventilasjon)**», «**Digi Helsestasjon**», «**Trafikksikring Solneset – Trygg skuleveg**», «**Gjerde rundt gravplass Straumen og nye kyrkjespjir**», vert forsøkt løyst innafor tilknytte løyvingar.

Asfalteringsprosjekta og møteplassar veg Vaulen, vert forsøkt løyst med løyvingar til Oppgradering kommunale vegar i år 2023 og 2024. Men her må ein også prioritere mellom andre asfalteringsbehov som følgjer av vedlikehaldsplanen.

Innspela på både «**Båthamn Klubben**» og «**Kjøp av grunneigedomar**», kan vonleg løysast med inntekter frå tomtosal. Det er ein førsetnad at det vert selt nokre fleire tomtar i år 2023, før ein er i balanse mellom budsjett og rekneskap her.

Innmeldt behov for midlar til «**Utvikling næringsareal**» er vesentleg. Her kan ein utgreie om det kan etablerast noko i samband med pågåande bruprojekt, ny lokalisering av ekspressbåtkai og gjennom

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

reguleringsplanarbeidet som pågår og som det er sett av vesentlege midlar til. Det er også viktig med ei konkretisering av behovet, før ein kan arbeide inn ei løyving i eit allereie stramt budsjett.

Kostnaden med «**Maling av nye Solund Treningssenter**» er kostnadsrekna til 0,3 mill. Her vert det lagt opp til å løysa oppgåva ved bruk av sommarjobbar for ungdom neste år.

Handlingsplanen til lokal utviklingsstrategi blir rullert årleg. Den seier at «**Forprosjekt om innovasjonshus er gjennomført 2021-2024**». Kommunedirektør legg fram sak om dette i 2023. Samfunnsdelen set som mål at Solund skal ha «auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar. Lokal utviklingsstrategi frå 2015 seier at «**Innan 2025 skal det etablerast eit «Innovasjonshus» for fleirbruk, næring og utdanning; med kontorhotell, møterom og tilrettelagt for videokonferansar.**»

Det pågår drøftingar om kor vidt gamleskulen skal rivast før ny skule vert bygd. Om dette skulle verta ein realitet, må det etablerast mellombelse undervisningslokale. Det vert i så måte vurdert om det er mogleg å lage ei mellombels løysing som kan brukast i ettertid til t.d. planane om å få etablert eit «felleslager – skulemusikk m.fl.» i tilknytning til Grendahuset på Hardbakke.

Samla investeringar

	OB - 23	ØP - 24	ØP - 25	ØP - 26
Ny sum finansieringsbehov	19 928 000	13 527 000	24 012 000	9 230 000

Av dette finansieringsbehovet utgjer Ny skule m/bibliotek 8,876 mill. i år 2023 og 15,0 mill. i år 2025.

Finansiering av investeringar:

Bruk av lån:

For å oppnå full utteljing og grøn rente ved låneopptak til Ny skule m/bibliotek, så vert alt lånefinansieringsbehovet knytt til dette prosjektet.

Finansiering	RB - 22	OB - 23	ØP - 24	ØP - 25	ØP - 26
Bruk av lån:					
Endring låneopptak	0	0	0	0	0
Lån - vedtak (ramme)	-54 169 197	-15 454 000	-7 647 000	-7 282 000	-5 000 000

Kommunedirektøren ser det som viktig å halde lånegjelda nede og dei sannsynlege meirinntektene som vil koma via det statlege havbruksfondet vil verta tilrådd nytta dels mot nedbetaling av gamal gjeld og dels mot saldering av driftsbudsjettet. Om dette vil ein koma attende til straks ein ser kva Ny skule m/bibliotek kostar og inntektene frå havbruksfondet er kjent.

Bruk av overføring frå drift:

I år 2024 og 2026 er det lagt opp til ei overføring frå drift på 2,5 mill. Midlane er linka mot realisering av nye (gjenngangs)bustader.

Bruk av fond:

I finansieringsplanen elles er det lagt opp til bruk av 15,0 mill. frå disposisjonsfondet, knytt til investering i Ny skule m/bibliotek. Likeins er det pårekna bruk av 0,25 mill. frå unytta bundne driftsfondsmidlar til prosjekt Rammenipa rundt år 2023 og 2024.

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

Bruk av tilskot:

Likeins vert det pårekna vesentlege spelemedlar knytt til same tursti med 1,4 mill. i år 2023 og i 2024. Trafikktryggingstilskot er på 50% av godkjente kostnader. Det blir viktig å få godkjent våre prosjekt. Det vert pårekna eit offentleg tilskot knytt til realisering av «Nytt bibliotek» i skulen med 1,092 mill. Likeins kvalifiserer turstiprosjekta «Ramnenipa rundt» for utbetaling av vesentlege spelemedlar.

Bruk av salsinntekter av eigedom:

Salsinntekter frå tomtar og anna eigedom vert nytta til saldering av investeringsrekneskapen og/eller avsett til ubunde investeringsfond ved årsavslutninga. I samband med realisering av tomtefelt Kubben, vart sal av eigedom lagt inn som ei av finansieringskjeldene. Tomtesal i år 2022 vert difor nytta til det føremålet. Når forskotterte inntekter frå tomtesal år er komen i balanse, er det vedteke at ytterlegare salsinntekter kan nyttast mot utvikling av hamneområdet i sentrum.

Kommunedirektøren tilrår at det nye innmelde behovet for «grunnkjøp av eigedom» i hamneområdet vert prioritert først, i samband med denne utviklinga. Behovet for grunnkjøp kan fort auka ettersom reguleringsarbeidet og arbeidet med å etablere ny ekspressbåtkai skrid fram.

Avslutning:

Budsjettet for 2023 er lagt fram i balanse. Det er fortsatt fleire store variablar som er ukjende.

Kva vert endeleg pris på ny skule?

Kor mykje får Solund kommune frå Havbruksfondet dei komande åra?

Korleis vert Solund kommune påverka av Skatteopplegget og nytt inntektssystem som begge deler er på høyring?

Dette budsjettframlegget balanserar difor mellom å unngå store kutt som i framtida kan vise seg å ikkje være naudsynte, og å drifte på ei måte som ikkje er økonomisk berekraftig når kommunen startar med å betale ned lånet på skulen i 2025 / 2026.

Hardbakke 16. november 2022

ØKONOMIPLAN 2023-2026 – MED BUDSJETT 2023

SAMLA INVESTERINGSPLAN - SEKTORVIS FORDELT							
Grupperte investeringsprosjekt pr. sektor	RB - 2022	Rest 17/11	Kommentar	OB - 23	ØP-24	ØP-25	ØP-26
STAB							
IKT, digitalisering, HMS, konferanseutstyr, m.m.	608 521	608 521	u/arb.	250 000	250 000	250 000	250 000
OPPVEKST OG KULTUR							
Inventar/utstyr, IKT, lærebøker, musikkutstyr, m.m.	1284 824	831 688	u/arb.	650 000	500 000	350 000	350 000
HELSE OG OMSORG							
Inventar og utstyr, IKT, velferdsteknologi, m.m.	727 969	365 924	u/arb.	500 000	450 000	450 000	450 000
Utviklingsprosjekt - drivhus, Dagsenter, m.m.	20 000	120 000	u/arb.	50 000	100 000	860 000	0
SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING							
Utviklings- og spolemedelprosjekt, m.m.	2 222 087	2 160 676	Dels utsett, dels u/arb.	1 950 000	1 850 000	200 000	200 000
Ekspressbåttopp sentrum	400 000	352 805	u/arb.	0	0	1 600 000	0
Hardbakke hamn m.m.	417 382	407 097	Tiltak betingar tomtosal	380 000	480 000	380 000	380 000
Kjøp av grunn og reguleringsplanar	1 100 000	1 100 000	u/arb.	0	0	0	0
Utvikling Nord Solund, næringsareal m.m.	1088 524	1 039 394	u/oppstart	300 000	300 000	300 000	300 000
PLAN- OG TEKNISKE TENESTER							
Kommunehus / gml. Bankbygg - ventilasjon m.m.	0	0		50 000	1 150 000	1 250 000	0
Barnehage / barneskule - Klatrestativ, solskjerming	400 000	309 878	u/arb.	550 000	0	0	0
Solund Idrettsbygg, sportsdekke, badstu m.m.	280 000	269 340	u/arb. og u/oppstart	500 000	0	0	0
Solund Idrettsbygg - nytt tak	1321268	19 511	u/avslutning	50 000	0	0	0
Solundheimen, kapell, medisinerom, m.m.	1 125 986	487 492	u/arb.	850 000	200 000	0	0
Solundheimen, fyrhus m/aggregat	1400 000	860 000	u/oppstart	0	0	0	0
Solundheimen, ny glasfasade / utskifting vindaug	650 000	-199 044	u/arb.- forskottert 2023	750 000	750 000	0	0
Solundheimen kjøøl / frys	1500 000	1 500 000	u/oppstart	0	0	0	0
Rest vedlikeholdsplan, opprusting og investering	39 846	-0	Overf. til andre prosjekt	0	0	0	0
Andre bygg - oppgraderingar	752 455	335 533	u/arb.	0	0	0	0
Asfaltering, trafikktryggleik, rassikring Dumba, m.fl.	1916 972	1 342 692	u/arb. og avslutta	1 499 175	2 450 000	750 000	750 000
Veg til Kvernhusvika	-0	-0	Avslutta	0	0	0	0
Kaiaar	332 455	314 345	u/arb.	100 000	100 000	100 000	100 000
Utskliding kai Selstad	1250 000	728 030	u/arb.	0	0	0	0
Geovekst- og adresseprosjekt	373 722	248 142	u/arb.	200 000	100 000	100 000	100 000
Brannbil, brannvern, ENØK m.m.	3 448 392	562 505	Avslutta og u/arb.	500 825	400 000	50 000	50 000
Vatn og Avlaup	2 405 771	1 774 877	u/arb.	1 000 000	600 000	1 000 000	1 000 000
KOMMUNEDIREKTØR							
Bustadfelt Klubben, Storehaugen og Yrøygrend	2 760 394	715 139	u/arb.	-400 000	0	0	0
Bustadutvikling	7 500 000	7 479 358	u/arb.	0	2 500 000	0	2 500 000
Nytt Idrettshus - VA Storehaugen - Treningsutstyr	5 325 399	-5 705	u/avslutning	0	0	0	0
Ny skule m/bibliotek	48 022 894	45 109 717	u/arb.	8 876 000	0	15 000 000	0
Investeringsstilskot Solund Sokneråd	100 000	100 000	Overført	100 000	100 000	100 000	1 500 000
Inndekning tidlegare års meirforbruk	0	0		0	0	0	0
Forskriftsmessige føringar (avdrag utlån / EK KLP)	665 679	52 926	u/arb.	722 000	747 000	772 000	800 000
Lån til vidare utlån	500 000	500 000	Ikkje søknader	500 000	500 000	500 000	500 000
Lån til næringsføremål	0	-470 000	Finansiering, innbet.avdrag	0	0	0	0
Diverse	0	-15 318	Korreksjon til drift	0	0	0	0
Sum	90 020 338	69 005 521		19 928 000	13 527 000	24 012 000	9 230 000